

Rapporten «Fokus» frå Etterretningstenesta er ein av fire årlege trussel- og risiko-vurderingar. Dei tre andre er det Politiets tryggingsteneste (PST), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) som gir ut.

■ **Etterretningstenesta** (E-tenesta) er den norske tenesta for utanlandsetterretning. Tenesta er underlagd forsvarssjefen, men arbeidet er ikkje avgrensa til militære problemstillingar. Hovudoppgåvene til E-tenesta er å varsle om ytre truslar mot Noreg og prioriterte norske interesser, støtte Forsvaret og forsvarsalliansar som Noreg tek del i, og støtte politiske avgjerdsprosessar med informasjon av spesiell interesse for norsk utanriks-, tryggings- og forsvarspolitik. I vurderinga «Fokus 2018» gir E-tenesta ein analyse av status og venta utvikling innanfor geografiske og tematiske område som tenesta meiner er særleg relevante for norsk tryggleik og nasjonale interesser. Etterretningsvurderinga har ein tidshorisont på eitt år og vert gitt ut i første kvartal.

■ **Nasjonalt tryggingsorgan** (NSM) er fagorganet for førebyggjande nasjonal trygging i Noreg. NSM gir råd om og fører tilsyn med mellom anna trygging av informasjon, objekt og infrastruktur av nasjonal verdi. Vidare har NSM eit nasjonalt ansvar for å detektere, varsle og koordinere handtering av alvorlege IKT-angrep. I rapporten «Risiko 2018» vurderer NSM risikoen for at samfunnet vert råka av spionasje, sabotasje, terror og andre alvorlege handlingar. Vurderinga vert gitt ut i første kvartal.

■ **Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap** (DSB) skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. DSB har gitt ut scenarioanalysar sidan 2011.¹ Analysane omhandlar risiko for katastrofale hendingar som kan råke det norske samfunnet, og som Noreg må vere førebudd på. Analysane omfattar både naturhendingar, store ulukker og tilsikta handlingar. Dei har ein lengre tidshorisont enn dei årlege vurderingane frå dei tre andre etatane.

■ **Politiets tryggingsteneste** (PST) har primært ansvar for å førebyggje og etterforske straffbare handlingar som truar den nasjonale tryggleiken. Den årlege trusselvurderinga frå PST omhandlar forhold – særleg i Noreg – som kan påverke norsk tryggleik og skade nasjonale interesser i det komande året. Dette omfattar truslar frå statlege aktørar i form av utanlandske etterretningstenester, operasjonsmønsterar til desse tenestene i Noreg og aktuelle etterretningsmål. I vurderingane tek ein også føre seg truslar frå ikkje-statlege aktørar, og då først og fremst truslar om politisk motivert vald frå ekstreme grupper eller enkeltpersonar. Analysen har ein tidshorisont på eitt år og vert gitt ut i første kvartal.

¹ Fram til og med 2015 heitte scenarioanalysane frå DSB «Nasjonalt risikobilde». Dette namnet er frå og med 2016 endra til «Krisescenarioer (årstal) – analyser av alvorlege hendelser som kan ramme Norge».

06 Generaløyntnant Morten Haga Lunde

08 **RUSSLAND**

10 Samandrag

12 **Innanriks**

13 Styresmaktene styrkjer den interne kontrollen

13 Langsiktige økonomiske utfordringar står ved lag

16 **Arktis**

17 Russland ønskjer leiarrølle og kontroll

18 **Utanriks**

19 Framleis vanskeleg forhold til Vesten

19 Russlands innverknad i Midtausten er aukande

19 Nærområda framleis viktigast for Moskva

24 **Militært**

20 Mot ein ny militær normaltilstand i Noregs nærområde

21 Militærmakt spelar ei stadig viktigare rolle i russisk utanrikspolitikk

22 Forsvarsøkonomien under press, men moderniseringa held fram

26 **DET DIGITALE ROMMET**

28 Samandrag

30 Opptrapping i russisk påverkingsaktivitet

30 Vedvarande etterretningsaktivitet mot Noreg

30 Framleis utvikling av kapasitetar for digital sabotasje

34 **MIDTAUSTEN OG AFRIKA**

36 Samandrag

38 **Midtausten**

39 ISILs statsprosjekt er knust

39 Underliggande konflikthar kjem igjen til overflata i Syria og Irak

41 Konflikten mellom Iran og Saudi-Arabia aukar i intensitet

44 **Afrika**

45 Ikkje-statlege aktørar styrkjer seg i Nord-Afrika og Sahel

48 **INTERNASJONAL TERRORISME**

50 Samandrag

52 Frå protostat til undergrunnsnettverk

52 Terrortrusselen mot Europa varer ved

54 Al-Qaida skapar grunnlag for framtidig vekst

58 **ASIA**

60 Samandrag

62 **Kina**

63 Xi Jinping går styrkt inn i sin andre presidentperiode

63 Kina viser vilje til å opptre som stormakt

64 Kinas marine oppnår global rekkjevidd

66 **Afghanistan**

67 Frå kamp mot opprør til forsvar av strategiske område

70 **MASSEØYDELEGGINGSVÅPEN**


72 Samandrag

74 Iran overheld atomavtala, men vidarefører programmet for langtrekkande missil

74 Kina styrkjer missilsatsinga ytterlegare

76 Nord-Korea står fram som ei reell kjernevåpenmakt

77 Russland styrkjer missilkapasitetane



Fokus er Etterretningstenesta si ugraderte vurdering av dei mest sentrale utviklingstrekk for dei landa og temaa tenesta har som oppdrag å følgje. Vurderinga gir Etterretningstenesta sin prognose for utviklinga det komande året.

Inngangen til 2018 er prega av to vedvarande, parallelle trendar. Den første trenden er at statsmakta får svekt legitimitet og redusert evne til nasjonal maktutøving, i første rekkje i delar av Midtausten, Afrika og Asia. I desse områda har ikkje-statlege aktørar betydeleg handlingsrom. Dette inkluderer terrorgrupper som representerer ein trussel mot Europa og Noreg.

Den andre trenden er ei gliding mot eit internasjonalt system der stormakter med langsiktige mål søker å styrkje posisjonen sin slik at det går ut over andre stormakter og deira handlingsrom. Det blir nytta ein kombinasjon av tradisjonelle maktmiddel og meir subtile verkemiddel for å nå desse måla. Verkemidla inkluderer også etterretnings-, påverkings- og sabotasjeoperasjonar i det digitale rommet.

Desse utviklingstrendane gjer at trusselbiletet som Noreg står overfor, er svært komplekst og omskifteleg. Difor ønskjer eg at Fokus 2018 skal bidra til auka forståing for forhold som påverkar Noregs tryggleik og interesser.

Generalløytnant Morten Haga Lunde
Sjef for Etterretningstenesta

Redaksjonen vart avslutta 1. februar 2018.



RUSSLAND

Sentraliseringa av makt hos presidenten er forsterka, og styresmaktene har stramma inn den interne kontrollen for å unngå politisk motstand. NATO blir i stadig større grad framstilt som ein trussel. Trass i vedvarande budsjettunderskot vil landet framleis styrkje nærværet i Arktis og destabiliseringspolitikken overfor Ukraina.

Vasiljkkatedralen på Den raude plassen
i Moskva, 13. oktober 2017.

SAMANDRAG

■ Presidentvalet i mars 2018 pregar Russland i byrjinga av året, og ingen kandidatar vil kunne utfordre Vladimir Putin ved valet. Utskiftingane i statsapparatet dei siste par åra har forsterka sentraliseringa av makt hos presidenten. I tillegg har styresmaktene styrkt den interne kontrollen for å demme opp for politisk opposisjon og sosial uro.

■ Samtidig står Russland framfor krevjande økonomiske og sosiale utfordringar. Den økonomiske veksten er ikkje sterk nok til å avverje vedvarande budsjettunderskot. Situasjonen gjer at styresmaktene får mindre handlefridom, og understrekar trongen for strukturelle reformer som kan sikre framtidig økonomisk vekst. Den politiske og økonomiske eliten vil like fullt motsetje seg grunnleggjande økonomiske reformer som kan utfordre maktgrunnlaget deira.

■ Den strategiske og økonomiske verdien til Arktis gjer at regionen er høgt prioritert av russiske styresmakter. Russland framhevar i aukande grad at NATO representerer ein trussel mot russiske interesser i Arktis. Styresmaktene ønskjer difor å styrkje evna til nærvær og kontroll i dei nordlege havområda.

■ Russiske målsetjingar om å øve kontroll over nabostatar og hindre at dei blir integrerte i NATO og EU, står fast. Kreml vil difor søkje å styrkje samarbeidet med tidlegare sovjetstatar og vidareføre destabiliseringspolitikken overfor Ukraina. Konflikten her, og det kjølige forholdet til Vesten, reduserer Russlands utanrikspolitiske handlefridom. Styresmaktene søkjer følgeleg nye internasjonale arenaer der dei kan spele ei sentral rolle. Involveringa i Syria må sjåast i eit slikt lys.

■ Russland har modernisert og trent militærmakta til eit nivå som gir Kreml auka handlingsrom, også i nordområda og Arktis. I 2017 har russisk aktivitet i Noregs nærområde spegla denne utviklinga, gjennom bruk av forsterkingsstyrkar og tilfelle av meir utfordrande framferd. Det kan difor gå mot ein ny normalsituasjon i nord som vil vere kjenneteikna av at russiske forsterkingsstyrkar oftare trenar i arktiske strok, og at militærmakta blir brukt meir aktivt til å signalisere russiske standpunkt.

■ Russland held fram med å destabilisere Ukraina og engasjere seg militært i Syria og har vist evne til å gjennomføre operasjonar over lange avstandar. Denne trenden vil sannsynlegvis vare ved i året som kjem, med vidareført deployering av ubåtar til Atlanterhavet og Middelhavet.



Russland har trent og modernisert militærmakta til eit nivå som gir Kreml auka handlingsrom, også i nordområda og Arktis.

Russiske soldatar held vakt på militærbasen Nagurskoje på Aleksandra land, ei av øyane i den fjerntliggande arktiske øygruppa Frans Josefs land.

Den russiske fjernsynskanalen RT, tidlegare kjend som Russia Today.

RUSSLAND

INNANRIKS



[INNANRIKS]

STYRESMAKTENE STYRKJER DEN INTERNE KONTROLLEN.

President Vladimir Putins posisjon er sterk. Utskiftingar i statsapparatet dei siste par åra har styrkt makta til presidenten ytterlegare. Styresmaktene har også styrkt den interne kontrollen for å kunne handtere politisk opposisjon og sosial uro.

Hovudprioriteten for russiske styresmakter i valåret 2018 er politisk kontinuitet og stabilitet. Styresmaktene har gjennomført fleire tiltak for å styrkje kontrollen og oppslutninga i folket. Omfattande personell-utsiftingar i opptakta til presidentvalet har dessutan styrkt Putins kontroll over både regionane og sentral-administrasjonen. Utviklinga det siste året har forsterka dei autoritære trekka ved det politiske systemet og konsentrert politisk og økonomisk makt i ein mindre krins i eliten. Den omfattande utskiftinga av guvernørar i perioden 2015–17 illustrerer den langvarige trenden i Russland under Putin der det vert etablert ei sterk sentralmakt, med lite regionalt sjølvstyre. Russlands svake økonomiske utvikling rammar regionane kraftig, samtidig som utskiftingane medfører større avstand mellom regionale politikarar og innbyggjarane. Eit mindretal av guvernørane har tilknytning til regionen dei er sette til å styre, og færre enn tidlegare har erfaring frå lokalt næringsliv, parlamentarikarforsamlingar eller andre posisjonar som har tett kontakt med innbyggjarane.

Guvernørane si manglande regionale tilhørslrse fører til auka risiko for konflikt mellom sentrale og regionale elitar og svak styring i regionar der det tradisjonelt har vore behov for guvernørar med god innsikt i lokale maktforhold og utfordringar. Til saman illustrerer utskiftingane korleis regionale demokratiske prosessar blir kraftig innskrenka.

I tillegg til å vere motivert av omsynet til økonomisk effektivitet er det sannsynleg at Kreml skiftar ut guvernørar med ønske om å skape eit bilete av endring og forbedring i forkant av presidentvalet. Kremls intensjon er å bidra til håp om sosial og økonomisk betring og dermed styrkje den allereie sterke folkelege oppslutninga om presidenten.

Personellutsiftingane sentralt og i regionane kjem i tillegg til ei vidare styrking av kontrollen over det sivile samfunnet. Styresmaktene jobbar for å kontrollere aktiviteten til innbyggjarane på internett og i sosiale medium for slik å kunne avgrense meningsytringar og høvet til å organisere opposisjon mot styresmaktene. Rettssystemet blir meir og meir eit verkemiddel for styresmaktene og vert aktivt brukt mot opposisjonen og utanlandske aktørar i Russland. I tillegg er russiske medium framleis under statleg kontroll. Resultatet er at rettstryggleiken og ytrings- og organisasjonsfridomen i Russland er sterkt innskrenka.

Protestaksjonar i Russland er svært sjeldan landsdekkjande. Den russiske opposisjonen består av fleire relativt små og fragmenterte grupper. Store geografiske avstandar og variasjonar i økonomiske forhold, demografi og næringsvegar har gjort at protestaksjonar sjeldan spreier seg over regionale grenser. Demonstrasjonane mot korrupsjon som vart arrangerte av Aleksej Navalnyj i

mars og juni 2017, er difor unntak. Ein kan ikkje sjå bort frå at protestaksjonar baserte på økonomiske spørsmål vil kunne ha større nasjonal mobiliseringskraft i takt med økonomiske utfordringar i åra framover.

«Styresmaktene jobbar for å kontrollere aktiviteten til innbyggjarane på internett og i sosiale medium for slik å kunne avgrense meningsytringar og høvet til å organisere opposisjon mot styresmaktene.»

Opposisjonen har heller ingen kandidatar med ein reell sjanse til å utfordre Putin i presidentvalet i mars. Den manglande evna til å mobilisere på tvers av geografiske område i enkeltsaker gjer den opposisjonelle aktiviteten handterleg for styresmaktene og viser leiarskapen sin relative styrke i møtet med opposisjonen.

Kombinasjonen av økonomiske utfordringar i regionane, lokale problem og nasjonale kampanjar med lokal klangbotn vil likevel kunne bli ei større utfordring for styresmaktene. Regional misnøye utgjer sannsynlegvis ingen trussel mot den innanrikspolitiske stabiliteten i 2018, men vil halde fram med å utfordre styresmaktene i den neste presidentperioden.

Langsiktige økonomiske utfordringar står ved lag.

Ein svak auke i den økonomiske veksten i 2017 medverkar til å lette presset på styresmaktene. Vedvarande budsjettunderskot vil samtidig avgrense handlefridomen til styresmaktene. Framtidig økonomisk vekst vil avhenge stadig meir av strukturelle reformer – endringar som den politiske og økonomiske eliten vil motsetje seg i frykt for å miste maktgrunnlaget sitt.

Den russiske økonomien er ikkje i krise, men står overfor alvorlege langsiktige utfordringar. Etter å ha krympa to år på rad voks den russiske økonomien med cirka 1,8 prosent i 2017. Den moderate veksten skjer like fullt frå eit svakt utgangspunkt og kjem primært av ein oljepris som har stige frå botnnivåa i 2015–16.

→




Mangel på diversifisering gjer at den russiske økonomien framleis vil vere svært avhengig av petroleum. Oljeprisfallet, vidareføringa av Vestens sanksjonar og den påfølgjande økonomiske nedgangen innskrenkar den økonomiske handlefridomen til styresmakterne stadig meir, deriblant evna til å finansiere forsvarssektoren fullt ut. Trass i at alle delar av statsbudsjettet har blitt ramma av kutt dei siste åra, viser budsjettutkasta for dei nærmaste åra framleis underskot. Den negative budsjettbalansen vil halde fram med å tære på dei finansielle reservane. Styresmakterne må dermed auke den i utgangspunktet låge statsgjelda og bruke meir pengar enn tidlegare på å betene gjeld.

Dagens moderate vekst er i lengda ikkje tilstrekkeleg. Framtidig økonomisk vekst vil avhenge av styresmak-

tene si evne og vilje til å reformere økonomien. Den tette koplinga mellom eliten og det økonomiske systemet gjer det lite sannsynleg at russiske styresmakter vil gjere endringar som utfordrar interessene til eliten etter valet.

Arbeidsløysa er framleis låg, men delen av innbyggjarane som lever under fattigdomsgrensa, aukar framleis. Utbreidd korrupsjon, aukande fattigdom og økonomiske forskjellar mellom regionane er utfordringar som gir grobott for misnøye. Ein stadig eldre folkesetnad medfører dessutan at den yrkesaktive delen er i ferd med å nå eit kritisk lågpunkt. Strukturelle veikskapar, sosioøkonomiske utfordringar og vedvarande vestlege sanksjonar medverkar dermed til å redusere det langsiktige vekstpotensialet til økonomien. Den russiske leiarskapen vil følgjeleg stå stadig svakare i møte med nye kriser i tida som kjem.



Ein fotgjenger i Moskva går forbi eit reklameskilt med eit bilete av president Vladimir Putin og teksten «Ein sterk president – eit sterkt Russland!».

Det nye OKEAN-klasse-
fartøyet Poljarnaja Zvezda
på tokt i Barentshavet.

RUSSLAND

[ARKTIS]

RUSSLAND ØNSKJER LEIARROLLE OG KONTROLL.

Den strategiske og økonomiske verdien til Arktis gjer regionen høgt prioritert hos russiske styresmakter. Styresmaktene vil i 2018 halde fram med å auke evna til nærvær og kontroll i Arktis samtidig som dei på utvalde område vil ønskje å fremje vidare internasjonalt samarbeid i regionen.

ARKTIS

I 2017 tok den russiske kystvakta imot tre nye fartøy. Ytterlegare to nye fartøy er under bygging. Innføringa av nye kapasitetar vil innebere ei betydeleg styrking av Russlands evne til kontroll i dei nordlege havområda.

Russland er samtidig avhengig av internasjonalt samarbeid for å vinne ut ressursar i Arktis. For å nå ambisjonane sine i regionen må Russland difor balansere ønsket om høg grad av nasjonal kontroll med eit stabilt og føreseieleg klima for internasjonalt samarbeid. Konferansen «Arktis: Dialogens territorium» vart halden i Arkhangelsk i mars 2017 og er eit døme på korleis Russland fremjar internasjonalt samarbeid og investeringar i regionen, men under russisk kontroll og leiarskap.

Tilnærminga mellom Russland og Kina i Arktis kjem i all hovudsak av at Russland som følgje av vestlege sanksjonar og økonomisk nedgang har få andre alternativ. Sommaren 2017 vart Arktis offisielt innlemma i det såkalla Silkeveg-initiativet til Kina, eit politisk initiativ som skal knyte Kina tettare saman med resten av verda. Den kinesiske satsinga i Arktis inkluderer deltaking i Arktisk råd, forskning, alternative framtidige transportruter og investeringar i russiske energi- og infrastrukturprosjekt. Russland ønskjer kinesiske investeringar for å kunne realisere eigne prosjekt, men vil vere varsam med å opne for større kinesisk innverknad eller nærvær i Arktis.

Kinesiske investorar har vore avgjerande for at prestisjeprosjektet Jamal LNG stod klart til planlagd tid. Oppstarten av anlegget på Jamal gjer det også mogleg å utvikle og investere vidare i eksport av flytande naturgass. Det er allereie inngått fleire avtaler med kinesiske investorar om å setje i verk planane for eit nytt LNG-anlegg, det såkalla Arktis LNG-2. Fleire kinesiske aktørar representerer både nye moglegheiter og nye utfordringar for Russland i Arktis. Det vedvarande behovet for utanlandsk kapital og teknologi, kombinert med vidare vestlege sanksjonar, banar veg for kapitalsterke ikkje-vestlege aktørar.

Utviklinga innanfor eksport av naturressursar til den asiatiske marknaden er ein av grunnane til at Russland satsar på Nordaustpassasjen som internasjonal handelsrute. Eit isgåande tankskip frå LNG-anlegget på Jamal

gjennomførte i august 2017 ei testsegling frå Melkøya til ei sørkoreansk hamn via Nordaustpassasjen. Reisa vart gjennomført på to tredelar av tida det tek via Suezkanalen.

Sanksjonane hindrar framleis vestlege selskap i å delta i leiteboring og utvikling av eventuelle førekomstar av hydrokarbon på den russiske arktiske sokkelen. Kombinert med at oljeprisen ligg mykje lågare enn då selskapa fekk lisensane, gjer dette at Russland, til liks med andre land, er avventande til dyre offshoreprosjekt.

«Russland ønskjer kinesiske investeringar for å kunne realisere eigne prosjekt, men vil vere varsam med å opne for større kinesisk innverknad eller nærvær i Arktis.»

Russiske styresmakter har likevel ambisjonar om å utvikle desse petroleumsressursane på lang sikt, og leiteaktiviteten på Russlands nordlege sokkel var om lag den same i 2017 som i 2016. Selskapa vil i 2018 halde fram med å kartleggje delar av sokkelen meir detaljert, mellom anna ved å bruke 3D-teknologi som statleg kontrollerte aktørar skaffa seg i 2017.

Den russiske økonomien er den faktoren som i størst grad vil avgrense aktiviteten og prosjekta i Arktis. Den strategiske og økonomiske verdien av Arktis sikrar like fullt regionen høg prioritet uavhengig av økonomiske konjunktursvingingar.



Utviklinga innanfor eksport av naturressursar til den asiatiske marknaden er ein av grunnane til at Russland satsar på Nordaustpassasjen som internasjonal handelsrute.

Den russiske utanriksministeren, Sergej Lavrov, talar under ein pressekonferanse etter eit møte i New Delhi mellom utanriksministrane i Russland, India og Kina.

RUSSLAND

[UTANRIKS]

FRAMLEIS VANSKELEG FORHOLD TIL VESTEN.

Den tryggingspolitiske spenninga i forholdet til Vesten innskrenkar Russlands handlefridom. Russiske styresmakter søker difor aktivt nye internasjonale arenaer der dei kan spele ei sentral rolle.

UTANRIKS

Det spente forholdet til Vesten vil leggje rammene for russisk utanrikspolitikk også i 2018. Russiske styresmakter meiner at NATO styrkje den militære evna si, inkludert utviklinga av missilforsvaret, i det russiske nærområdet, og ser det som ein hovudtrussel. Eit hovudmål for Kreml er å motarbeide at EU og NATO vert utvida til Russlands nærområde. Motarbeidinga skjer mellom anna gjennom å utnytte interne politiske spenningar i og mellom statar.

Samtidig søker Russland å styrkje posisjonen sin som aktør og meklar i viktige konflikhtar der Vesten må forholde seg til Kreml for å finne løysingar.

For å stå fram som ei motvekt til Vesten vil russiske styresmakter arbeide for å styrkje landet si rolle utanfor eigne nærområde. Det spente forholdet til USA vil motivere Russland til å søkje arenaer der amerikanarane må ta omsyn til russiske synspunkt. Det kjem særleg til uttrykk i konfliktområde som Midtausten og i betente internasjonale spørsmål som Nord-Koreas atomprogram, der Russland kan ta på seg rolla som meklar.

Som følgje av den økonomiske nedgangen har Russland styrkt samarbeidet med Kina, ikkje minst på energifeltet, der vestlege sanksjonar har gjort det vanskelegare å få tilgang på teknologi og investeringar. Forholdet mellom Russland og Kina er prega av avgrensa tillit, og det er ofte stor avstand mellom uttrykte ambisjonar og realiserte prosjekt. Samarbeidet mellom Russland og Kina kviler hovudsakleg på økonomiske avtaler og felles standpunkt knytte til viktige internasjonale problemstillingar.

Russlands innverknad i Midtausten er aukande.

Russland har lukkast med fleire av måla sine for den militære operasjonen i Syria. I tillegg har Kremls politiske innsats medverka til å realisere målsetjinga om å vere eit alternativ til USA som den viktigaste eksterne støttespelaren for landa i Midtausten. Russland vil vidareføre og forsøkje å styrkje nærværet og innverknaden sin i regionen.

I 2018 vil Russland byggje vidare på dei leinga ser som ein vellukka strategi i Syria-konflikten. Gjennom militær og politisk involvering har russarane medverka til å styrkje posisjonen til Assad-regimet og samtidig sikra nærværet sitt i Middelhavet gjennom permanente militærbasar. I tillegg har Moskva sett seg i førarsetet med tanke på å finne ei politisk løysing for Syrias framtid.

Moskva vil søkje å styrkje innverknaden sin i Midtausten med politiske, økonomiske og militære verkemiddel og ved å opptre som meklar i konfliktane i regionen. Inngåtte

avtaler om forsvarsmateriell, energisamarbeid og handel med sentrale regionale aktørar som Tyrkia, Iran, Israel, Saudi-Arabia og Egypt kan på sikt tene Russlands militære og økonomiske interesser. Slik kan Russland påverke den politiske utviklinga både i Syria og i Midtausten elles.

Samtidig vil Russland søkje å vidareføre samarbeidet med USA på område der dei har felles interesser, inkludert kamp mot terror.

Nærområda framleis viktigast for Moskva.

Russland forsøker å auke innverknaden sin overfor tidlegare sovjetstatar og held fram med destabiliseringspolitikken sin overfor Ukraina.

Den politiske utviklinga i dei tidlegare sovjetrepublikkane verkar direkte inn på Russlands tryggleik og nasjonale interesser. Russland vil difor halde fram med å vere ein aktiv politisk, økonomisk og militær aktør i desse landa. Å utvikle regionale samanslutningar som Organisasjonen for kollektiv tryggleik (CSTO) og Den eurasiske økonomiske unionen vil også vere viktig for Kreml med tanke på å knyte medlemslanda tettare til seg. Den økonomiske nedgangen har trass i dette svekt Russlands evne til å trekkje nabolanda inn i tettare og meir forpliktande økonomisk samarbeid.

Det er inga endring i russiske posisjonar i Ukraina-konflikten, der det langsiktige målet framleis er å påverke Ukrainas utanrikspolitiske orientering. Russland vil vidareføre støtta til opprørarane i Aust-Ukraina som eit pressmiddel mot Kiev og samtidig forsøkje å destabilisere den politiske situasjonen i landet.

Eit av Russlands sentrale utanrikspolitiske mål er å bli ei stormakt med innverknad på viktige internasjonale konfliktspørsmål. I 2018 vil vi difor sjå russiske framstøytar for å styrkje nærværet i andre regionar enn dei som allereie er nemnde. I Afghanistan vil Russland vidareføre kontakten med dei viktigaste politiske aktørane, mellom anna Taliban, for å verne om dei tryggingspolitiske interessene sine. I Libya vil Russland halde fram med å støtte General Haftar og spele ei sentral diplomatisk rolle, medan det politiske og militære samarbeidet med Egypt vil prioriterast vidare.

Oppsummert vil vi i 2018 sjå eit Russland som legg vekt på interessene sine i nærområda, samtidig som nærvær og engasjement i andre regionar framleis vil auke i omfang og intensitet.

Utskytingskøyretøy for bakke-til-luft-missil og S-300 luftvernssystem flyttar seg til utskytingsstillingane under den russiske militærøvinga Zapad-2017.

RUSSLAND

[MILITÆRT]

MOT EIN NY MILITÆR NORMALTILSTAND I NOREGS NÆROMRÅDE.

Russland har modernisert og trent militærmakta til eit nivå som gir Kreml utvida handlingsrom, også i nordområda og Arktis. Gjennom 2017 har russisk aktivitet i Noregs nærområde spegla denne utviklinga, med bruk av forsterkingsstyrkar og tilfelle av meir utfordrande framferd. Det kan difor gå mot ein ny normalsituasjon i nord, der dei russiske forsterkingsstyrkane oftare trenar i arktiske strok, og med ei militærmakt som blir brukt meir aktivt for å signalisere russiske standpunkt.

MILITÆRT

Kolahalvøya er militært svært viktig for Russland. Dei strategiske ubåtane som har heimehamn i fjordane nær Noreg, patruljerer dei nordlege havområda som strategisk avskrekking, spesielt retta mot USA. Hovudoppgåva til dei militære styrkane på Kola er å verne ubåtane og ubåtbasane. Evna til å utføre denne oppgåva aukar når det blir tilført nytt materiell og treninga vert trappa opp, noko som igjen fører til utvida russisk handlingsrom i Noregs nær-område. Dei siste åra har regionen blitt viktigare også økonomisk, i takt med at potensielle energiførekomstar spelar ei større rolle. Nordområda og Arktis har difor stått sentralt i Russlands militære moderniseringsprogram.

På overordna militært nivå har Russland samla mykje av dei arktiske områda sine under den fellesoperative kommandoen Nordflåten. Militærmakta rehabiliterer basar frå den kalde krigen og opprettar nye langs Nord-austpassasjen. Satsinga på mobile system, spesialstyrkar og langtrekkande presisjonsvåpen gir Russland større militær evne på alle område. Forsterkingsstyrkar sikrar at den russiske militærmakta relativt raskt kan oppnå lokalt overtak i ein kortare tidsperiode.

Forsterkingskonseptet blir jamleg øvd på med bruk av jarnbane og fly, noko som vart demonstrert då Kolahalvøya fekk tilført betydelege styrkar under haustøvinga i 2017. Overføring og trening med luftlandestyrkar har sidan 2013 blitt ein del av normalbiletet i nord. Desse avdelingane vert rekna som ein elitestyrke og er kjenneteikna av høgt treningsnivå, stor mobilitet og låg reaksjonstid. Dei kan overførast og setjast inn svært hurtig i eit operasjonsområde via fly eller helikopter.

Treningsaktiviteten er viktig for luftlandestyrkane si evne til å operere under arktiske forhold og for å kunne samverke med lokale einingar. Utviklinga må sjåast i samheng med den russiske satsinga i nord, der store avstandar og manglande infrastruktur gjer luftmobile styrkar svært relevante. Utviklinga generelt, og forsterkingsoperasjonar spesielt, medverkar til å styrkje Nordflåtens evne til å planleggje, koordinere og leie større og meir komplekse operasjonar. Med Sergej Sjoigu som forsvarsminister er også praksisen med ikkje-varsla beredskapsøvingar teken opp att og utvida. Utviklinga gjer at Russlands militære evne i nordområda blir styrkt, og at varslingstida for styrkeoppbygging i nærområda våre vert redusert.

Den nye normalen i russisk øvingsaktivitet inneber større og hyppigare øvingar i dei norske nærområda. Oppsummert er det venta høg militær aktivitet i 2018, med uvarsla beredskapsøvingar, strategiske flygingar og testing av nye våpensystem. Kombinert med utviklinga av den russiske militærmakta i våre nærområde og endringane i operasjonsmønster, tyder dette på ein ny militær normalsituasjon i åra framover.

Militærmakt spelar ei stadig viktigare rolle i russisk utanrikspolitikk.

Gjennom det militære engasjementet i Syria har Russland vist evne til å gjennomføre militære operasjonar over lange avstandar. Denne trenden vil sannsynlegvis vare ved i året som kjem, med vidareført deployering av ubåtar til Atlanterhavet og Middelhavet.

Russland brukar militær makt i utlandet med betydeleg suksess. Politisk har Russland vist seg som ein truverdig partnar med evne til å reagere hurtig og projisere makt på kraftfullt vis. Styrkane har fått betydeleg erfaring med å planleggje operasjonar og gjennomføre kampanjar. Både under Ukraina-konflikten og i Syria-operasjonen har Russland demonstrert evne til å koordinere statlege verkemiddel mot eit felles utanrikspolitisk mål. Det inkluderer evna til å gjennomføre og halde i gang operasjonar over lange avstandar, eigenskapar som det vil bli prioritert å vidareutvikle i åra som kjem.

Russland prioriterer også permanent militært nærvær i Middelhavsregionen. Svartehavsflåtens nye ubåtar med kryssarmissil vil dei nærmaste åra gi evne til å patruljere kontinuerleg ved behov. Samtidig blir eit støttepunkt i den russiskkontrollerte delen av hamna i Tartus opprusta og utvida. Uavhengig av om ubåtane til Svartehavsflåten blir disponerte i Svartehavet eller tidvis nytta i Middelhavet, gir dei auka kapasitet og uthald i regionen.

Vidare er det venta at den russiske militære rådgjevingsstøtta til Haftar i Libya vil halde fram, og at det militære samarbeidet med Egypt vert vidareutvikla. Det russiske engasjementet i Afghanistan er også venta å auke i åra framover. Russland vil truleg vurdere å gi den afghanske regjeringa støtte til å skaffe seg militært materiell parallelt med at dialogen med Taliban blir styrkt.

Russlands militære engasjement i utlandet vil framleis vere ein arena for å prøve ut, demonstrere og marknadsføre nytt militært materiell. Langtrekkande presisjonsvåpen inngår i det Russland omtalar som «ikkje-kjernefysisk strategisk avskrekking», og landet har nytta høvet i Syria til å skyte fleire typar langtrekkande landmålsmissil. Føremålet er primært å evaluere missila sin funksjon og trene planleggingsmekanismar og dessutan å demonstrere slagkraft for omverda. Demonstrasjonane blir med andre ord midtpunktet i ein breitt retta informasjonskampanje der avskrekkingselementet mest sannsynleg er overordna den militærtaktiske innverknaden på den syriske borgarkrigen. Media marknadsfører i tillegg produkt frå den russiske våpenindustrien, for eksempel kampfly, helikopter, luftvern og taktiske våpensystem.


Forsvarsøkonomien under press, men moderniseringa held fram.
Kutt i budsjettet hindrar ikkje at nytt og moderne materiell blir teke i operativ bruk. Det er venta at våpenprogrammet for neste tiårsperiode, GPV-2027, blir lansert i 2018.

Den russiske leiinga sitt ønske om eit sterkt forsvar varer ved, trass i eit reelt kutt i budsjettet på 14 prosent frå 2016 til 2017. Ifølgje budsjettplanane vil det bli ytterlegare, om enn mindre, reduksjonar også i åra som kjem. Målt i forhold til dei føderale utgiftene vil forsvarsløyvingane framover sannsynlegvis stabilisere seg på eit noko lågare nivå enn dei siste åra. Både i den inneverande (reviderte) budsjettperioden og i budsjettretningslinjene for dei neste tre åra er det planlagt at utgiftene til budsjettposten «nasjonalforsvaret» skal utgjere cirka 17 prosent. Til samanlikning låg forsvarsutgiftene på over 20 prosent i 2015 og 2016.

Dersom budsjetta for perioden fram til og med 2020 blir realiserte som planlagt, vil det innebere kutt for militærmakta. Det er like fullt usikkert om reduksjonane blir så omfattande. Dei politiske rammene som gjorde

seg gjeldande då budsjettet for 2017 og budsjettplanen for 2018–19 vart utforma, kan endre seg raskt, som for eksempel behovet for å redusere underskotet og skjerme sosiale utgifter i opptakta til presidentvalet. Løyvingane kan kome til å aukast om den tryggingspolitiske situasjonen tilseier det, eller dersom budsjettbalansen viser seg å bli betre enn planlagt – for eksempel om oljeprisen blir høgare enn det som er lagt til grunn. Uansett vil forsvarsbyrda svært sannsynleg framleis vere stor, målt både som del av BNP og som del av dei statlege utgiftene.

Etterfølgjaren til våpenprogrammet GPV-2020, GPV-2027, var meint å starte i 2016, men er utsett av president Putin. GPV-2027 var opphavleg planlagt å finansiere, utvikle og levere nye og høgteknologiske våpensystem, men ambisjonsnivået vil sannsynlegvis måtte reflektere den russiske økonomien. Det ligg ikkje føre nokon offisiell informasjon om storleiken på eller innhaldet i det nye våpenprogrammet. Det er mogleg at GPV-2027 omprioriterer økonomiske ressursar frå marinen til hæren og luftlandestyrkane. Eit slikt skifte kan vere motivert dels av trusselbiletet og dels av at kjøp av stridsvogner og pansra køyretøy har vore nedprioritert i GPV-2020. Det er venta at det nye våpenprogrammet blir lansert i 2018.



OPPSUMMERING RUSSLAND

President Putin har styrkt posisjonen sin ytterlegare. Russland står framfor krevjande økonomiske og sosiale utfordringar.

Nordområda og Arktis

Russland markerer seg stadig sterkare, og desse områda har stått sentralt i Russlands militære moderniserings-program. Noreg merkar dette gjennom auka russisk aktivitet, og det kan gå mot ein endra normalsituasjon i nord.


Ukraina

Russland held fram med destabliseringspolitikken overfor Ukraina. Det langsiktige målet er framleis å påverke Ukrainas utanrikspolitiske orientering. Russland vil vidareføre støtta til opprørarane i Aust-Ukraina for å presse Kiev.


Syria

Gjennom det militære engasjementet i Syria har Russland vist seg i stand til å gjennomføre militære operasjonar over lange avstandar. Denne trenden vil sannsynlegvis halde fram i året som kjem, med vidareført deployering av ubåtar til Atlanterhavet og Middelhavet.

Russisk militærmakt



Kystvakta er allereie styrkt med tre nye fartøy, og ytterlegare to er under bygging. Dette vil auke evna til kontroll i dei nordlege havområda.



Det er venta større og hyppigare øvingar i område nær Noreg. Russland har samla mykje av dei arktiske områda sine under den fellesoperative kommandoen Nordflåten.



Russland prioriterer også permanent militært nærvær i Middelhavsregionen. Svartehavsflåtens nye ubåtar vil i nær framtid gi evne til å patruljere kontinuerleg ved behov.



Nytt og moderne materiell blir teke i bruk. Det er venta at det utsette GPV-2027, våpenprogrammet for den neste tiårsperioden, blir lansert i 2018.

DET DIGITALE ROMMET

Det er fleire typar digitale aktivitetar som kan true Noreg og andre vestlege demokrati. Etterretning er den mest alvorlege av dei.

SAMANDRAG

■ I januar vart det avdekt omfattande og alvorlege nettverksoperasjonar mot datasys-tema til Helse Sør-Aust. Saka illustrerer kor komplekst og samansett dagens trusselbilete er, og kor sårbar kritisk nasjonal infrastruktur er for åtak.

■ I det digitale rommet kan særleg tre typar aktivitetar vere alvorlege truslar mot Noreg: påverking, etterretning og sabotasje. Russiske påverkingsoperasjonar mot vestlege land har blitt trappa opp dei siste åra, deriblant forsøk på å påverke valprosessar og valresultat. Aktiviteten er ei aukande utfordring for vestlege demokrati.

■ I det digitale rommet er likevel etterretning den mest alvorlege trusselen mot Noreg. Ulike aktørar forsøker å kompromittere og infiltrere norske styresmakter og verksemdar. Føremålet er i første rekkje å innhente informasjon om tradisjonelle politiske og militære mål, dernest industrispionasje.

**Russiske påverkings-
operasjonar mot
vestlege land har blitt
trappa opp dei siste
åra, deriblant forsøk på
å påverke valprosessar
og valresultat.**

Opptrapping i russisk påverkingsaktivitet. Russisk påverkingsaktivitet mot val dei siste par åra kan delast i tre hovudspor: kontakt med politiske parti og enkeltpersonar, mediekampanjar og dessutan nettverksoperasjonar med aktiv bruk av innhenta informasjon.

Russiske aktørar held kontakten med eit breitt spekter av parti og enkeltpersonar i Europa. Slike aktørar kan vere representantar for det russiske utanriksministeriet, presidentadministrasjonen, Riksdumaen, Føderasjonsrådet, trygging- og etterretningstenestene, politiske parti, frivillige organisasjonar og private selskap. Denne typen aktivitet har særleg vore retta mot parti på ytre høgre og venstre fløy i fleire europeiske land. Mykje av aktiviteten kan kallast normalt diplomati eller lobbyisme, medan kontakten i andre tilfelle vil innebere utveksling av tenester og utbetalingar. Eksempel kan vere møte med høgt profilerte russiske politikarar, gratis reiser og store utbetalingar for å stille opp som ekspertkommentatorar i russiske medium. Det kan også vere konsulenttenester, lån til parti eller løfte til forretningsfolk om tilgang til den russiske marknaden.

«Først og fremst er aktiviteten retta mot tradisjonelle politiske og militære mål, som utanriks-tenesta og Forsvaret.»

Russisk påverking skjer også gjennom mediekampanjar i både sosiale og tradisjonelle medium. I forkant av val i Frankrike og Tyskland har det vore sett ei klar vinkling i dekninga av valkampen i både russiskspråklege medium og russiske medium med TV-sendingar på fransk og tysk. Typiske budskapar er kritikk av sentrumsandidatar og etablerte alternativ, og dessutan at populistiske kandidatar blir motarbeidde i dei vestlege politiske systema. I Tyskland har det mellom anna vore fleire forvrengde nyheitssaker om migrasjon.

Russiske trygging- og etterretningstenester brukar sosiale medium aktivt for å påverke og å drive etterretning. Desinformasjon og propaganda blir spreidd gjennom mellom anna videoar, nyheitssaker og blogginnlegg frå både ekte og fiktive profilar. Slik skapar Kreml merksemd om eit tema, presenterer alternative sanningar og skapar støy i samfunnsdebatten. Eksempel er robotiserte spammekampanjar på Twitter og bruk av kapra

eller falske profilar på mellom anna Facebook i regi av såkalla trollfabrikkar.

Føremålet med desse aktivitetane kan vere å påverke politiske val eller avgjerdsprosessar, til dømes for å få oppheva vestlege sanksjonar mot Russland og få Krim anerkjent som ein del av Russland. Men målet med påverkinga er ikkje nødvendigvis alltid å endre eit valutfall eller spesifikke politiske avgjerder. Føremålet kan også vere å arbeide langsiktig for å så tvil om politiske prosessar, diskreditere enkeltpersonar og skape forvirring og splid. Russland har vist seg villig til å ta dei politiske kostnadene ved denne typen operasjonar.

Vedvarande etterretningsaktivitet mot Noreg.

Etterretning er den mest alvorlege trusselen mot Noreg i det digitale rommet. Føremålet er først og fremst å skaffe informasjon om tradisjonelle politiske og militære mål, dernest industrispionasje.

I fleire år har det vore retta kampanjar og operasjonar mot norske styresmakter og verksemdar. Først og fremst er aktiviteten retta mot tradisjonelle politiske og militære mål, som utanrikstenesta og Forsvaret. Andre mål er statsforvaltinga elles, akademiske institusjonar, kraftselskap og industribedrifter. Nettverksåtaket mot Helse Sør-Aust i januar viser klart og tydeleg at etterretningsaktivitet mot Noreg ikkje er avgrensa til tradisjonelle politiske og militære mål.

Målval og metode gjer at mykje av aktiviteten kan knytast til hemmelege tenester som har store ressursar til å utvikle skadevare og gjennomføre nettverksoperasjonar.

Dei vanlegaste metodane for infiltrasjon er å sende målretta e-post med vedlegg eller lenkjer, plante skadevare via kompromitterte nettsider eller å utnytte teknisk sårbare punkt. Framande aktørar blir stadig dyktigare til å utforme truverdige e-postar og nettsider. Å infiltrere norske styresmakter og organisasjonar inngår også som del av komplekse operasjonar der dei endelege måla er utanfor Noreg.

Framleis utvikling av kapasitetar for digital sabotasje.

Langvarig russisk interesse for energiselskap og industrielle styringssystem antyder ambisjonar om å kunne sabotere kraftinfrastruktur.

Det digitale rommet gir statlege aktørar ei rekkje nye verktøy til å sabotere både sivile og militære mål i andre




statar. Sivile mål kan vere system som er kritisk viktige i moderne, industrialiserte samfunn, som styrings- og administrasjonssystem for kraft, telekommunikasjon, transport og finansielle tenester. Typiske militære mål er system for kommando og kontroll, kommunikasjon, navigasjon og overvaking.

Utviklinga dei siste åra indikerer for eksempel at russiske aktørar har nytta det digitale rommet for å sabotere mål i Ukraina. I 2016 vart eit IT-system for styring av jarnbanetrafikk øydelagt, og ein stor transformatorstasjon nord for Kiev vart utkopla. Felles for begge hendingane er at aktørane hadde infiltrert datanettverka eit halvt år eller meir på førehand og skaffa seg eit solid fotfeste med fulle nettverksadministrative rettar. Etter at bakdører

og rettar var på plass, gjekk mykje av aktiviteten føre seg på nettverka ved hjelp av standard systemverktøy.

Den omfattande kompromitteringa tilseier at langt fleire mål kunne ha blitt utslegne, med meir langvarige og komplekse skadar som følgje. Målet var følgjeleg ikkje å gjere mest mogleg skade, men å skaffe seg erfaring og kunnskap om sabotasjeoperasjonar. Over tid vil erfaringsane gjere Russland i stand til å utføre sabotasjeoperasjonar mot straumforsyning eller forstyrre transport av personar, forsyningar og militære styrkar i ein eventuell militær konflikt. Aktørar som truleg har russisk tilknytning, har over tid kartlagt energiselskap og industrielle styringssystem i fleire europeiske land og i USA.



Ein krigar frå Dei syriske demokratiske styrkane, ei amerikansk-støtta gruppe under kurdisk leiing, går forbi skadde bygningar i Raqqa, Syria, som inntil nyleg husa ISIL.

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

ISILs tap av territorial kontroll i Syria og Irak vil prege landa framover. President Assad står sterkare enn nokon gong, og kurdarane vil søkje å få noko igjen for innsatsen mot ISIL. Det er venta eit auka spenningsnivå i heile Midtausten, og ikkje-statlege aktørar har vedvarande spelerom i krigsherja afrikanske statar.

SAMANDRAG

■ ISIL vil sannsynlegvis miste all territorial kontroll i Syria og Irak i 2018. Statsprosjektet er knust, og ISIL går tilbake til å bli eit undergrunnsnettverk.

■ Partar som har styrkt seg gjennom kampen mot ISIL, ønskjer no å omsetje den militære innsatsen i langvarig politisk eller økonomisk gevinst. I Syria kan Russland leggje dei viktigaste premissa for diplomatiske forhandlingar. President Assad står sterkare enn nokon gong gjennom borgarkrigen og vil i 2018 forsøkje å knuse den attverande opposisjonen. Kurdarane vil på si side forsøkje å få utvida autonomi i eigne område mot å gi frå seg kontroll over ikkje-kurdiske område dei har vunne i kampen mot ISIL.

■ I Irak vil konfliktane mellom sunnibaserte, sjiabaserte og kurdiske grupper eskalere. Etter å ha nedkjempa væpna sunniarabisk motstand og knebla eit kurdisk forsøk på sjølvstende, står den sjiadominerte sentralmakta i Bagdad sterkt. Statsminister Haidar al-Abadi vil bruke sigeren til å styrkje kandidaturet sitt fram mot parlamentsvalet i 2018.

■ Regionalt vil det djupe spenningsforholdet mellom Saudi-Arabia og Iran halde fram med å destabilisere Midtausten. Motsetnaden mellom dei to statane vil vere ein sentral pådrivar i mange av konfliktane i regionen, som i Jemen, Irak, Syria og Libanon. Utan nokon klar hegemon vil spelet mellom stormaktene i Midtausten intensiverast og spenningsnivået auke ytterlegare. Det auka russiske engasjementet i Midtausten vil dessutan konsoliderast det neste året, og også kinesarane kjem til å involvere seg ytterlegare.

■ Krigsherja statar i Afrika slit med å etablere territorial kontroll og valdsmonopol, og statsmakta har lite legitimitet. Ikkje-statlege aktørar får dermed stadig større spelerom i fragmenterte land som Libya, Mali og Sør-Sudan.

Regionalt vil det djupe spenningsforholdet mellom Saudi-Arabia og Iran halde fram med å destabilisere Midtausten.

Syrarar på handletur under eit banner som syner president Bashar Ashar, på Hamadiyah-marknaden i gamlebyen i Damaskus, Syria. Over heile hovudstaden dukkar det opp nye butikkar, handelen er livleg, og folk som flykta frå krigen for fleire år sidan, vurderer å kome tilbake.

Ein krigar frå Dei syriske demokratiske styrkane blant ruinar i Raqqa i Syria, 25. september 2017.

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

[MIDTAUSTEN]

ISILS STATSPROSJEKT ER KNUST.

ISIL mister truleg all territorial kontroll i 2018. I Syria og Irak har kampen mot ISIL blitt eit kappløp mellom ulike militære aktørar om å posisjonere seg geografisk og ta kontroll over energiressursar og kritisk infrastruktur. Kontrollen skal deretter omsetjast i politisk kapital eller økonomisk vinning.

MIDTAUSTEN

ISIL har tapt territorium i høgt tempo i 2017, og restane av organisasjonen vil bli nedkjempa militært i 2018. Eit totalt militært nederlag kan berre unngåast dersom motstandarane til ISIL bestemmer seg for at full siger ikkje er nødvendig. At det skal skje i Irak, er lite sannsynleg sidan det å ta tilbake ISIL-territorium er viktig for å hauste politisk gevinst ved det avgjerande parlamentsvalet i 2018. I Irak er det sterk prestisje og symbolikk knytt til å kunne erklære seg som sigerherre over ISIL, noko som gjer at irakiske sentralstyresmakter vil forsøkje å vinne tilbake heile Eufrat og Anbar så raskt som mogleg. Det er difor lite sannsynleg at ISIL vil isolerast over lang tid, eller at det blir snakk om forhandlingar.

«Etter kvart som den territoriale kontrollen går tapt, er det teikn til at ISIL omorganiserer seg og etablerer seg som ein undergrunnsorganisasjon.»

I Syria er biletet litt annleis sidan det her er mange aktørar og utanforståande land som har teke del i kampen mot ISIL. Fleire av dei er rivalar, og kven som får kontroll over dei gjenerobra områda, er også avhengig av interessene til eksterne aktørar. Behovet for å bli rekna som sigerherre over ISIL er sterkt både hos regimet, med støttespelarane Russland og Iran, og hos det kurdisk-dominerte SDF, som vert støtta av USA. For fleire er likevel ønsket om total siger over ISIL underordna behovet for å hindre rivalar i å få kontroll over område av stor økonomisk og geopolitisk verdi i Syria. Dersom regimet sikrar kontroll over alt territorium som er strategisk viktig, kan Damaskus velje å nedprioritere kampen mot ISIL. Regimet kan i staden isolere gruppa og la regime-støtta opposisjon handtere situasjonen eller forhandle med ISIL i dei attverande områda. I så fall vil gruppa kunne bevare eit fotfeste i Syria.

Etter kvart som den territoriale kontrollen går tapt, er det teikn til at ISIL omorganiserer seg og etablerer seg som ein undergrunnsorganisasjon. Føresetnadene for ein slik strategi er best i Irak, der gruppa vil kunne gjennomføre nålestikkåtak for å sabotere statsbyggingstiltak og auke dei sekteriske spenningane i landet. I delar av landet har slike operasjonar vore ein utbreidd taktikk sidan 2015. Måla vil vere tryggingssstrukturar, infrastruktur og forsoningsforsøk. ISILs langsiktige strategi er avhengig

av at konfliktane mellom ulike folkegrupper og støttespelarane deira held fram, og at styresmaktene i Syria og Irak ikkje klarer å møte behova til dei sunnimuslimske innbyggjarane. Ei slik utvikling vil skape grobotn for nye rundar med sunniopprør som kan utnyttast og leiast i retning av ISILs ideologi.

Underliggende konflikhtar kjem igjen til overflata i Syria og Irak.

Etter kvart som ISIL vert driven tilbake, kjem underliggende konflikhtar fram igjen for fullt i Syria og Irak.

Etter sju år med borgarkrig som har ført til 400 000 drepne og 11 millionar flyktningar, er Syria-konflikten på veg inn i ein ny fase der dei geopolitiske motsetnadene og konfliktlinjene får stadig meir å seie. Russland støttar Assad-regimet militært og leier den diplomatiske Astana-prosessen der russarane koordinerer med Tyrkia og Iran for å kontrollere situasjonen på bakken gjennom deeskaleringssoner. Prosessen skal setje borgarkrigen på vent og samtidig medverke til ei meir permanent stabilisering av Syria gjennom forhandlingar med syrarar og utanforståande partar. Det er særleg Russlands militære og diplomatiske tiltak som har gjort det mogleg for regimet å gjenerobre ISIL-kontrollerte område i Aust-Syria.

Assad-regimet har sgra over den syriske opposisjonen militært og vil det neste året feste grepet om makta. Kontroll over større delar av Syria tyder likevel ikkje at all motstand mot regimet er nedkjempa. Al-Qaida-tilknytte Hayat tahrir al-sham utfordrar kontrollen til regimet i nordvest, og kurdarane har omfattande kontroll i nordaust. Problema som utgjorde hovudårsakene til borgarkrigen, er framleis uløyste. Når atterreiseing av landet og spørsmål om maktfordeling kjem på bordet, vil hovudkonfliktlinjene frå borgarkrigen kome tilbake. Det ser difor ut til at det blir eit høgt konfliktnivå og ustabilitet i Syria også i 2018.

I Irak har kampen mot ISIL samla krefter som i utgangspunktet er djupt splitta. Når ISIL vert driven ut, kjem konfliktane igjen til syne. Særleg fire forhold vil påverke stabiliteten i Irak i tida framover: kurdiske sjølvstendeambisjonar, parlamentsvalet i 2018, situasjonen til sunniarabarane og Irans grep om Irak.

Gjennom kampen mot ISIL har kurdarane styrkt forhandlingsposisjonen sin både i Syria og Irak og forsøker no å få større autonomi som motytting. I Syria søker kurdarane å forhandle om auka sjølvstyre i 2018. I Irak arrangerte kurdarane i september 2017 ei folkerøysting om kurdisk sjølvstende i alle områda dei kontrollerte. Framstøyten førte rivalar i Bagdad saman mot kurdarane, og irakiske styresmakter svarte med å presse kurdarane militært





Køytøy frå kurdiske peshmerga-styrkar ved Altun Kupri mellom Kirkuk og Erbil i Irak.



Ein krigar frå den kristne, syriske militsen brenner eit ISIL-flagg ved frontlinja i den vestlege delen av Raqqa, nordaust i Syria.

tilbake i alle dei omstridde områda, deriblant Kirkuk. Parlamentsvalet i Irak i mai 2018 vil avgjere om det blir mogleg å forhandle fram ei løysing mellom Bagdad og Erbil. Parlamentsvalet i mai vil vere viktig også for den sjia-muslimske maktkampen som går føre seg i landet. Sjia-majoriteten er splitta mellom Iran-nære krefter som søker ei sjiamuslimsk majoritetsregjering, og irakiske nasjonalistar som allierer seg på tvers av dei sekteriske skiljelinjene. Kva for ei av desse blokkene som vinn kampen om politisk makt i Bagdad, vil påverke kor stor innverknad dei rivaliserande nabolanda Iran og Saudi-Arabia får i Irak dei neste åra.

«Dei underliggende konfliktlinjene og samfunnsutfordringane som førte til ISILs vekst, er framleis til stades i Syria og Irak»

Valet aktualiserer også spørsmålet om sunniarabarane si rolle og framtid i Irak. Marginaliseringa av sunniane i Irak medverka til ustabilitet og gjorde ISILs vekst mogleg. ISIL-krigen har ført til enorme øydeleggingar i sunniområde og har gjort dei andre folkegruppene i Irak endå meir mistenksame overfor sunniarabarane. Sunniarabarane er ei fragmentert gruppe og har ei svak stilling i Bagdad, men det er gjennom økonomiske og politiske prosessar nettopp her at situasjonen til sunniarabarane no skal handsamast. Utsiktene til stabilitet i Irak er avhengig av at sunniane sin posisjon blir betre, men så langt har den reelle framgangen vore liten. Irans innverknad i Irak har blitt styrkt dei siste åra. Ei svak sentralregjering i Bagdad gav nabolandet ei sentral rolle som støttespelar for ulike sjiamuslimske gruppe-ringar. Iran har også samarbeidd tett med delar av det irakiske stats- og tryggingsapparatet. ISILs offensiv i 2014 medførte ei kraftig mobilisering av irakiske sjamilitsar, og mange av desse er under kraftig iransk påverknad. Kampen mot ISIL gav dermed opphav til eit nettverk av Iran-nære sjamilitsar i Syria og Irak, noko som vil skape friksjon i åra som kjem. Dei underliggende konfliktlinjene og samfunnsutfordringane som førte til ISILs vekst, er framleis til stades i Syria og Irak. I Syria har Assad framleis makta, medan marginaliseringa av sunniarabarane i Irak har blitt ytterlegare forverra. Sigerherrane i kampen mot ISIL må no ta tak i desse utfordringane for å hindre liknande rørsler i å kome tilbake.

Konflikten mellom Iran og Saudi-Arabia aukar i intensitet.
Det djupe spenningsforholdet mellom Saudi-Arabia og Iran vil framleis undergrave stabiliteten i Midtausten. Motsetnaden vil vere ein sentral pådrivar i mange av konfliktane i regionen, for eksempel i Irak og Jemen.

Motsetnadene mellom Saudi-Arabia og Iran er djupe. Dei to landa søker begge å vere den leiande muslimske nasjonen i verda. Sett frå Riyadh representerer eit regionalt dominerande Iran ein eksistensiell trussel både på heimebane og bortebane. Sett frå Teheran er Saudi-Arabia eit hinder for Irans strategiske mål: normalisering av forholdet til omverda, økonomisk integrasjon i verds-økonomien og aksept av Iran som ei regional stormakt. Innanrikspolitiske utfordringar i begge landa gir også næring til motsetnadene. I Iran fryktar styresmaktene at den latente folkelege misnøya skal eskalere i protestar, noko som skjedde i fleire iranske byar seinast i januar. For regimet er det føremålstenleg å bruke konflikten med Saudi-Arabia som ein lynavleiar for interne utfordringar, og styresmaktene var snare med å gi saudisk innblanding skulda for uroa. I Saudi-Arabia er kong Salmans son, Muhammed bin Salman, ved å konsolidere makta. Den unge kronprinsen har skapt uro internt i dei politiske elitane ved å utfordre den tradisjonelle måten å styre kongedømet på. Muhammed bin Salman søker å konfrontere Iran for å syne seg som ein sterk lei- ar, og på den måten få støtte frå saudiarane som den faktiske herskaren i landet. Rivaliseringa mellom Iran og Saudi-Arabia vil framleis vere ein sentral pådrivar i mange av konfliktane i regionen framover, særleg for situasjonen i Irak, Syria og Jemen. I Palestina forsøker både Iran og Saudi-Arabia å få kontroll over Hamas for å få eit betre grep om konflikten. Qatar-krisa handlar også om den vesle, rike golfstaten sitt forhold til Riyadh og Teheran. Saudi-Arabia og USA har i 2017 gått saman i ein felles front for å svekkje Irans innverknad og offensive rolle i den arabiske delen av Midt-austen. Spenningsnivået aukar dermed i fleire av landa der Iran er ein sentral aktør, som for eksempel i Libanon. Eit anna utviklingstrekk som påverkar den regionale rivaliseringa i Midtausten, er at fleire stormakter invol-verer seg meir. Det russiske engasjementet i Midtausten har auka jamt og trutt sidan 2015 då landet engasjerte seg militært i Syria-konflikten. Gjennom Astana-avtala med Tyrkia og Iran har Russland etablert eit diplomatisk verk-tøy som kan brukast for å føre lokale og regionale fiendar saman. Parallelt etablerer Russland stadig tettare bilaterale band til fleire land i regionen på ei rekkje område som handel, finans og petroleum og ved sal av →

Irans president Hassan Rouhani held pressekonferanse i Teheran 17. januar 2017 for å markere eittårsdagen for implementeringa av den historiske atomavtala.



forsvarsmateriell til for eksempel Saudi-Arabia, Egypt og Tyrkia. Det kinesiske engasjementet i Midtausten er mindre synleg, men aukar også. Det økonomiske samkvemmet mellom Kina og Midtausten er prega av tunge investeringar og handelsavtaler, og det politiske engasjementet aukar. I 2017 etablerte dessutan Kina sin første militærbase utanlands, i Djibouti ved inngangen til Raudehavet. Beijing har så langt unnlåte å velje side i konfliktane i regionen, men tyngre nærvær gjer denne haldninga meir krevjande, særleg for forholdet til Iran og Saudi-Arabia.

På nokre område har stormaktene samanfallande interesser i Midtausten. Det gjeld særleg kamp mot terror, bevaring av territorialstatssystemet og det å hindre

storkrig mellom Iran og Saudi-Arabia. På andre område i regionen er stormaktene konkurrentar, med motstridande interesser i spørsmål som sanksjonar mot Iran, petroleumstilgang og valuta. Stormaktsrivaliseringa i Midtausten vil difor auke, noko som i sin tur gir regionale rivalar større rom til å manøvrere. For statar som vert støtta av ei stormakt med vetorett i Tryggingrådet i FN, vil det vere mindre risikabelt å blande seg i affærene til eit naboland, også militært. Regionale makter som Saudi-Arabia og Iran kan i tillegg spele stormaktene opp mot kvarandre for å utvide sin eigen handlefridom. Auka rivalisering mellom stormaktene vil difor komplisere konfliktbiletet i regionen ytterlegare.

Saudi-Arabias kronprins og forsvarsminister Muhammed bin Salman på opningsseremonien for toppmøtet i G20 i Hangzhou, Kina, 4. september 2016.



Hundrevis av ferske al-Shabaab-soldatar under ei militærøving i Lafofe-området eit par mil sør for Mogadishu.

MIDTAUSTEN OG AFRIKA



[AFRIKA]

IKKJE-STATLEGE AKTØRAR STYRKJER SEG I NORD-AFRIKA OG SAHEL.

Det er vanskeleg for krigsherja statar i Afrika å etablere territorial kontroll og valdsmonopol. Statsmakta har lite legitimitet, og ikkje-statlege aktørar vil få stadig større spelerom i fragmenterte land som Libya, Mali og Sør-Sudan

AFRIKA

Libya vil i det komande året pregast av politisk krise og kamp om kontroll. Ingen av dei rivaliserande statsstrukturane har klart å skape eit robust tryggingssystem med evne til å hevde suverenitet i heile landet. Det meste av Libyas territorium er difor framleis kontrollert av væpna militsar, mange av dei i opposisjon til den FN-støtta samlingsregjeringa. Samlingsregjeringa vert også utfordra av Aust-Libyas sterke mann, Khalifa Haftar, og militsstyrkane hans. Utanfrå er presset for å starte ein politisk dialog betydeleg, men ei rekkje faktorar vil truleg spolere slike initiativ. Nye kamphandlingar mellom konkurrerande militsar, innblanding frå andre land og åtak frå militsar som ikkje vil gi frå seg lokal makt, er eksempel på slike hindringar. Det neste året er det dermed små utsikter til ei libysk regjering med reell makt og landsomfattande territorial kontroll.

Også i Mali medverkar konkurrerande militsar til å svekkje staten si evne til å kontrollere territoriet sitt. I dei nordlege regionane har statsmakta ikkje kontroll, medan politisk maktkamp i Bamako er med på å hindre framgang i fredsprosessen. Som ein konsekvens vil ikkje-statlege aktørar halde fram med å kjempe for sine eigne interesser framfor å leggje vekt på dei langsiktige fordelane ved ei varig, om enn usikker, fredsslutning. Det statlege fråværet i dei nordlege regionane i Mali gjer også at innbyggjarane vel å samarbeide med væpna grupper for å overleve. Mange av desse gruppene har dermed klart å utnytte tryggleiksvakuumet til å få betre innpass i lokalsamfunna og auke rekrutteringa si i denne delen av landet. I 2017 etablerte dei største jihadist-gruppene i Mali paraplyorganisasjonen Jamaat nasr al-islam wal muslimin (JNIM), noko som styrkjer kapasiteten til dei militante islamistane. JNIM er no ein trussel i store delar av landet, og operasjonsfridomen organisasjonen har i Mali, vil det neste året gjere organisasjonen til ein trussel også mot nabolanda. Dermed aukar terrorfaren i heile regionen. Medan statsinstitusjonar i Libya konkurrerer om å

etablere kontroll og tilsvarande institusjonar i Mali forsøker å ta kontrollen tilbake, har Sør-Sudan aldri makta å skape reelle statsberande institusjonar etter lausrivinga frå Sudan i 2011. Styresmaktene i det unge landet har følgeleg aldri klart å levere tenestene innbyggjarane vart førespegla. Både president Kiir og den viktigaste opposisjonsgruppa, SPLM-IO, manglar vilje og evne til å inngå reelle kompromiss. Posisjonen til presidenten er dessutan svekt som følge av usemje blant hans eigne, mindre regional støtte og framvoksteren av nye grupperingar som tek til våpen mot regimet. Regjeringshæren sitt forsøk på å nedkjempe gruppene har auka den folkelege misnøya med regimet. Også den økonomiske kollapsen i landet har gjort det vanskelegare for presidenten å halde på støttespelarane sine. Det er dermed lite sannsynleg at Sør-Sudan vil evne å etablere eit berekraftig statsprosjekt i 2018.


I Somalia har optimismen etter parlamentsvalet hausten 2016 og presidentvalet i februar 2017 blitt avløyst av maktkamp i Mogadishu og rivalisering mellom sentralmakta og delstatsstyresmakter. Andre politiske maktkampar enn felles front mot al-Shabaab har kome i framgrunnen, og slagkrafta til denne gruppa reflekterer difor i høg grad veikskapen til styresmaktene. Somaliske styresmakter har likevel greidd å styrkje tryggleiken i Mogadishu, og nasjonale tryggingssystem har gradvis overteke Den afrikanske unionens ansvar for offensiven mot al-Shabaab utanfor hovudstaden. På den andre sida er dei somaliske tryggingssystem svake og fragmenterte og har hatt mindre suksess med å drive al-Shabaab ut frå kjerneområdet. Al-Shabaabs sterke grep utanfor hovudstaden gjer at gruppa framleis er i stand til å gjennomføre større åtak. Det somaliske statsapparatet vil det neste året framleis vere svakt og fragmentert. Det er dessutan svært lite som tyder på at styresmaktene vil evne å etablere den tilliten og legitimiteten i folket som trengst for å føre ein effektiv kamp mot al-Shabaab.

Politiske kriser pregar


Maktesløyse er resultatet:




Det meste av Libyas territorium vert framleis kontrollert av væpna militsar.



I Mali samarbeider innbyggjarane i nord med væpna grupper for å sikre seg sjølve.



Det somaliske statsapparatet vil også i 2018 vere svakt og fragmentert.



INTERNASJONAL TERRORISME

Nedkjempinga av ISIL reint militært har svekt organisasjonen, men tidlegare verksemd vil framleis kunne inspirere til terroråtak i Europa. Det er grunn til å tru at al-Qaida vil prioritere å byggje lokale alliansar for å styrkje seg på sikt.

Representantar frå naudetatane på staden der ein lastebil krasja inn i varehuset til Åhléns i Drottninggatan sentralt i Stockholm og tok livet av fem menneske inkludert ei elleve år gammal jente.

SAMANDRAG

■ Etter at ISIL vart nedkjempa militært i Syria og Irak, har organisasjonen mista evna til å rekruttere framandkrigarar i stort omfang. Tidlegare rekruttering og mobilisering vil like fullt ha effekt i mange år framover.

■ Framandkrigarane i Syria og Irak har opparbeidd seg eit nettverk og ein kompetanse som vil kunne nyttast av nye grupper. I tillegg vil førestillinga om at ISIL makta å realisere kalifatet, framleis kunne inspirere personar i Europa til terroråtak, primært med enkle middel.

■ Al-Qaida er prega av tiår med antiterroriltak og synest i dag å vere eit laust nettverk av filialar meir enn ein sentralisert organisasjon. Nettverket tek like fullt grep for å skape grunnlag for framtidig vekst. Eit viktig element i førebuingane er å byggje lokale alliansar, eit prosjekt gruppa truleg vil prioritere framfor åtak i Vesten.

Etter at ISIL vart nedkjempa militært i Syria og Irak, har organisasjonen mista evna til å rekruttere framandkrigarar i stort omfang.

Syriske regjeringssoldatar feirar sigeren over ISIL i byen al-Bukamal aust i Syria.

Frå protostat til undergrunnsnettverk.

Etter tap av territorium er ISIL i ferd med å omorganisere seg. Hovudprioriteten i året som kjem, vil vere å destabilisere område i Syria og Irak for å sikre at gruppa overlever og veks i framtida. Sekterisk konflikt er eit viktig verktøy. Med utgangspunkt i kjerneområda i Irak og Syria vil ISIL forsøkje å rette åtak mot lokale makt-havarar og vestlege interesser i Midtausten.

ISIL vil gå frå å kontrollere område til å bli eit undergrunns-nettverk gøymt i den sunnimuslimske folkesetnaden som dei tidlegare kontrollerte. Sjølv om overgangen betyr at verksemda blir fragmentert, er det sannsynleg at enkelte sentrale organisasjonsfunksjonar vil overleve, mellom anna ekstern åtaksplanlegging og propaganda.

Det vil vere ein hovudprioritet for ISIL å destabilisere område i Syria og Irak. Det er sannsynleg at gruppa vil bruke terroråtak, likvideringar og truslar for å skape ustabilitet og tvinge sivile til samarbeid i område som organisasjonen tidlegare kontrollerte.

ISILs viktigaste verktøy for å oppnå ustabilitet, og dermed handlingsrom, er å skape og nære sekteriske konflikhtar. Sjamuslimar står sentralt i fiendebiletet, og gruppa framstiller seg som verjar av sunnimuslimane. Iran er dermed utpeikt som ein hovudfiende på linje med USA, Russland, Tyrkia og Saudi-Arabia. ISIL vil forsøkje å utnytte spenningar mellom regionale aktørar ved å utføre terroråtak også andre stader, mellom anna mot vestlege og russiske interesser i Midtausten.

«Det er sannsynleg at ISIL vil kunne tære på eksisterande midlar i lang tid og dermed kunne dekkje ressursbehovet til eit undergrunnsnettverk.»

ISIL arbeider med å sikre dei finansielle reservane sine. Inntektene har blitt kraftig reduserte sidan 2015, men tap av territorial kontroll betyr også at utgiftene til statsbyg-gingsprosjektet har blitt mindre. Det er sannsynleg at ISIL vil kunne tære på eksisterande midlar i lang tid og dermed kunne dekkje ressursbehovet til eit undergrunnsnettverk.

Det er lite sannsynleg at ISILs geografiske sentrum vil flytte seg bort frå Syria og Irak. Den øvste leiinga har både bakgrunn frå og sterke maktpolitiske interesser i Irak og Syria. Dersom ISIL lukkast i å skape destabiliserte friområde rundt grensa mellom Syria og Irak, vil leiinga føretrekkje å lokalisere seg der. Det er likevel sannsynleg

at ISIL vil bevare nettverk utanfor kjerneområda i Syria og Irak, særleg i Afghanistan, Sinai og Libya. Sjølv utan territorial kontroll er nettverka viktige for at ISIL skal kunne profilere seg som ein global organisasjon. ISIL vil likevel neppe investere betydelege leiingsressursar eller finansielle ressursar i nettverka, men i staden yte ideologisk støtte og bidra med propaganda.

Terrortrusselen mot Europa varer ved.

På lang sikt vil ISILs posisjon som referansepunkt for global jihadisme svekkjast. Effektane av tidlegare rekruttering og mobilisering vil likevel vare i mange år framover. På kort sikt vil organisasjonen framleis evne å rekruttere og inspirere personar med lausare ISIL-tilknytning til å gjennomføre åtak i Europa. Åtaka vil primært gjennomførast med enkle middel av personar som allereie er busette i Europa.

ISILs omfattande ideologiske mobilisering og rekruttering i perioden 2014–16 gjer at terrortrusselen mot Europa vil vare ved i mange år. Det er svært mange menneske som har blitt eksponerte for valdeleg ekstremistisk propaganda, også i historisk perspektiv. Ingen annan konflikt i moderne tid har mobilisert så mange framandkrigarar. ISIL har rekruttert over tre gonger så mange til Syria og Irak på fem år som den samla mobiliseringa til støtte for mujahedin i Afghanistan i åra 1979–89. Nettverk av framandkrigarar frå Afghanistan og andre konfliktområde etter 70-åra har spelt ei avgjerande rolle for opprettinga av fleire terror-organisasjonar, deriblant al-Qaida.


ISIL vil difor påverke trusselbiletet i Europa i fleire år framover, relativt uavhengig av om kjerneorganisasjonen i Irak og Syria overlever. Nettverk av framandkrigarar kan også vere utgangspunkt for nye terrororganisasjonar. Framandgjering og aukande sosioøkonomiske problem i mange europeiske land vil dessutan gjere det lettare å rekruttere nye støttespelarar.

Over tid vil det militære nederlaget og tapet av det såkalla kalifatet redusere appellen til gruppa i Vesten. Oppslutninga er basert på å få tilhengjarane til å identifisere seg med at dei deltek i eit historisk viktig prosjekt: å opprette og forsvare eit kalifat. Men eit ISIL utan territorial kontroll vil sannsyn-legvis ikkje ha like stor tiltrekkingskraft sidan suksess i strid og fysisk nærvær er sjølve grunnlaget for appellen deira.

Også i 2018–19 er det venta at ISIL vil evne å inspirere og rekruttere tilhengjarar i Europa til å gjennomføre relativt enkle terroråtak. I propagandaen oppmodar ISIL til terroråtak mot mål med lågt tryggleiksnivå og forklarar korleis dei kan utførast med verkemiddel som stikkvåpen og køyretøy. To tredelar av terroråtaka i Europa har blitt gjennomførte →



Tre snikskyttarar frå Dei syriske demokratiske styrkane på veg til frontlinja i al-Dariya-distriktet i Raqqa, Syria.



av borgarar av europeiske land. Under 20 prosent av gjerningspersonane har bakgrunn som framandkrigarar, men skadeomfanget blir ofte større når slik erfaring er involvert. Framandkrigarar som oppheld seg i kjerneområda i Syria og Irak, kan også spele ei rolle i å rettlege og inspirere støttespelarar i Europa, utan sjølve å ta del i åtak.

«Den digitale propagandaen blir dessutan flytta meir og meir over til krypterte kommunikasjonskanalar for å unngå at verksemda blir avslørt.»

Reiseverksemd til og frå ISIL-kontrollerte delar av Syria og Irak vil vere innskrenka det neste året. Sidan 2016 har det berre blitt registrert eit fåtal framandkrigarar frå Europa som har reist til desse områda. Enkelte framandkrigarar vil forsøkje å forlate konfliktområdet, men kvinner og born vil ha større sjanse til å lukkast. Det er likevel venta at mange framandkrigarar vil bli drepne i kamp, sidan det vil vere vanskeleg for ikkje-arabiske framandkrigarar å gøyme seg blant lokale innbyggjarar når dei ISIL-kontrollerte områda krympar.

Som følgje av tilbakegangen vil omfanget av og kvaliteten på ISILs propaganda bli redusert. Sentrale personar i medieorganisasjonen er drepne og ressursane sterkt avgrensa. Sjølv om den offisielle propagandaen er redusert, er mange tilhengjarar i ei rekkje land framleis aktive i det digitale rommet. Aktiviteten medverkar til at ISIL som merkevare blir ført vidare, uavhengig av kjerneorganisasjonen. Den digitale propagandaen blir dessutan flytta meir og meir over til krypterte kommunikasjonskanalar for å unngå at verksemda blir avslørt.

Al-Qaida skapar grunnlag for framtidig vekst. Al-Qaida er merkt av tiår med antiterroriltak og synest i dag å vere eit laust nettverk av filialar meir enn ein sentralisert organisasjon. Nettverket tek i staden grep for å skape vekst på lang sikt. Eit viktig element er å byggje lokale alliansar, noko gruppa vil prioritere framfor åtak i Vesten.

Antiterroriltak og tap av viktige leiarar har sett sitt preg på al-Qaida. Den sentrale leiarskapen vil framleis ha ein svak posisjon det neste året. Dagens leiar, Ayman al-Zawahiri, appellerer lite til yngre generasjonar. Osama bin Ladens son, Hamza bin Laden, har det siste året fått ei meir utoverretta rolle i nettverket, men sannsynlegvis vil heller ikkje han makte å få ein brei appell.


Hovudmålet til gruppa er å ta tilbake rolla som spydspiss i ei samla global militant jihadrørsle og leggje til rette for eit nytt kalifat. Nettverket tek fleire grep for å sikre grunnlaget for framtidig vekst. Mellom anna blir det lagt vekt på å skape gode relasjonar til innbyggjarane i dei områda der nettverket opererer. For å oppnå folkeleg støtte til statsbyggingsprosjektet vil al-Qaida styrkje filialane og søkje alliansar med lokale grupperingar. Filialen i Syria vil framleis vere den største. Denne delen har sidan 2016 vore igjennom fleire endringar for å integrere seg tettare i opprøret mot Assad-regimet.

På kort sikt er det ingen indikasjonar på at kjerneorganisasjonen eller filialane til al-Qaida prioriterer å gjennomføre terroråtak i Vesten. Om føresetnadene endrar seg, kan likevel filialar utvikle ein slik kapasitet relativt raskt.


Vidare er det lite sannsynleg at al-Qaida og ISIL vil slå seg saman. Enkelpersonar kan likevel gå over til al-Qaida etter kvart som ISIL blir svekt, utan at det generelt er nokon samanheng mellom svekking av ISIL og styrking av al-Qaida. Sistnemnde vil halde fram med å prioritere lokal alliansebygging for etter kvart å etablere eit kalifat med folkeleg støtte.

Enklare åtak


Inga samanslåing i sikte



ISIL-åtak vil primært gjennomførast med enkle middel som stikkvåpen og køyretøy.




Al-Qaida vil byggje opp folkeleg støtte, og difor styrkje filialane i nettverket.



På kort sikt er det lite sannsynleg at ISIL og al-Qaida vil slå seg saman.



Soldatar frå den franske hæren patruljerer framfor Eiffeltårnet 20. mars 2011 som del av Frankrikes varslingsssystem for nasjonal tryggleik, Vigipirate.



ASIA

Kina viser vilje til å ta på seg ei leiarrolle i verda. Maktskiftet frå vest til aust vil truleg skyte fart i 2018, og den kinesiske marinen går mot global rekkjevidd. Afghanistan vil framleis lide under eit styrkt Taliban og ei svekt regjering.

Kinesiske soldatar under ein flaggheisingsseremoni på ein open dag på marinebasen i Hong Kong, Kina.

SAMANDRAG

■ I Kina er president Xi Jinpings posisjon vesentleg styrkt etter den 19. partikongressen. Under Xi opptrer landet meir og meir som ei tradisjonell stormakt, med større vilje til å bruke makt for å fremje interessene sine. I ei tid prega av svakare internasjonal leiarskap viser Kina også auka vilje og evne til å ta på seg ei global leiarrolle. Det mykje omtala maktskiftet frå vest til aust kan dermed skyte fart det neste året.

■ Som stormakt prioriterer Kina maritim styrke, og den kinesiske marinen er i ferd med å oppnå global rekkjevidd. I det komande året vil vi sjå meir kinesisk nærvær i alle havområde, også nær Noreg. Kina tek samtidig steg for å etablere seg som den dominerande sjømakta i Aust-Asia.

■ I Afghanistan blir det komande året utfordrande for styresmaktene. Dei må prioritere å konsolidere makta i område med høg folketettleik samtidig som mindre strategisk viktige område må gjevast opp. Fleire åtak kan ventast i Kabul. Samtidig er det lite sannsynleg med fredsforhandlingar mellom eit styrkt Taliban og ei fragmentert og svekt sentralregjering.

**I det komande
året vil vi sjå meir
kinesisk nærvær
i alle havområde,
også nær Noreg.**

Kinas forskingsisbrytar Xuelong,
eller Snødraken, i Arktis.

Xi Jinping, generalsekretær i Kinas kommunistparti, helsar på delegatar og deltakarar frå hæren og politiet utan røysterett under den 19. partikongressen.

ASIA

[KINA]

XI JINPING GÅR STYRKT INN I SIN ANDRE PRESIDENTPERIODE.

Kinas leiar Xi Jinping har fått ein dominerande posisjon i den kinesiske partistaten. Sentraliseringa av makt rundt Xi styrkjer også Kommunistpartiet, som gjennomfører stadig fleire politiske reformer i autoritær retning.

KINA

Den kinesiske nasjonen, med ei heilt ny haldning, står no høgt og solid i aust», var Xis bodskap til Kommunistpartiets nasjonale kongress. Kongressane vert arrangerte kvart femte år og sender viktige signal frå Kinas elles lukka politiske system. Den siste kongressen vart halden 18.–24. oktober 2017 og braut med etablerte politiske normer – særleg ved å gi stor personleg makt til Xi Jinping, leiar i Kommunistpartiet og president i Kina. Sjølv om det i fleire år har vore teikn til at Xi blir mektigare, vart ikkje sentraliseringa av makt rundt han endeleg stadfesta før partikongressen.

Sentraliseringa går føre seg i eit samspel mellom Xi og partieliten. Internt i eliten synest det å vere semje om at ein sterk leiar vil gi eit sterkare parti. Ein samrøystes partikongress røysta difor Xis namn inn i partigrunnlova. For å understreke semja sat også tidlegare partileiarar til høgre og venstre for Xi under opninga av kongressen. Som «prins», det vil seie som etterkomar av ein av grunnleggjarane av Kommunistpartiet, er Xi truleg personleg motivert for å ta på seg ei ny leiarrolle som vil styrkje makta og sikre legitimiteten til partiet. Den styrkte posisjonen hans vil gå hand i hand med at Kommunistpartiet som heilskap utøver meir direkte makt over økonomien, den militære organiseringa og alle andre delar av det kinesiske samfunnet. Landet går dermed i ei meir autoritær retning.

«Utnemningar til leiarstillingar under partikongressen viser at ein ikkje kan sjå bort frå at Xi vil halde fram som partileiar etter 2022.»

Fire milepålar det siste året stadfestar Xis nye og dominerande posisjon i den kinesiske partistaten. Den første kom på eit plenumsmøte i sentralkomiteén i partiet i oktober 2016, då Xi fekk tittelen «kjernen i partiet». Den andre milepålen kom då Xi under opningstala introduserte ein ny nøkkelfrase: «ein ny epoke for Kina». Dei to tidlegare epokane i folkerepublikkens historie har vore knytte til Mao Zedong og Deng Xiaoping, og ein ny epoke vil likestille Xi med desse leiarane. Ein tredje milepåle, og så langt den viktigaste, er at frasen «Xi Jinping-tenking om kinesisk sosialisme i ein ny æra» går inn i partigrunnlova. Den fjerde milepålen kom då det nyvalde politbyrået heldt det første møtet sitt få dagar etter partikongressen. Dette møtet introduserte eit nytt leiarskapsprinsipp: «sentralisert og einskapleg leiarskap». Xi vil framover bruke det nye prinsippet som grunnlag for ei rekkje reformer som vil samle

endå meir makt rundt toppen av partiet. Kommunistpartiet flyttar seg med dette fleire steg bort frå kollektiv leiarskap, som elles har prega partiet sidan 1980-talet.

Utnemningar til leiarstillingar under partikongressen viser at ein ikkje kan sjå bort frå at Xi vil halde fram som partileiar etter 2022. Under tidlegare partikongressar har ein mogleg etterfølgjar kome til syne under samlinga. Alle dei fem nye personane som går inn i den ståande komitéen til politbyrået, er over 60 år og dermed for gamle til å ta over for ein ny tiårsperiode etter 2022. Det kan likevel tenkjast at ein ny leiar er å finne blant dei 25 medlemmene av politbyrået. Fleire av dei er yngre og kan dermed bli inkluderte blant toppleiarane i neste generasjon.

I åra fram til 2022 vil Xi Jinpings nye posisjon truleg styrkje partiet sitt grep om makta og dermed medverke til politisk stabilitet i Kina. Før Xi tok over makta i 2012, hadde partiet gått igjennom ei turbulent tid med låg evne til å ta avgjerder og fleire skandalar som spreidde seg til ålmenta. I den første perioden som partileiar har Xi snudd motgang til medgang for Kommunistpartiet, og partiet står i dag fram som samla og sterkt. Xi sjølv er populær også blant vanlege kinesarar. Etter 2022 kan derimot Xis sterke posisjon bli ein risiko for stabiliteten i partiet. Når Xi personleg ikkje lenger er i stand til å halde på posisjonen han har oppnådd, kan mangel på klare reglar og normer for maktoverføring føre til kamp om makta i partiet.

Kina viser vilje til å opptre som stormakt.

Kina er i ferd med å etablere seg som ei «tradisjonell» stormakt og har gått bort frå politikken som la vekt på ein låg internasjonal profil. Viljen til å forme internasjonal orden er tydelegare, og gjennom det ambisiøse Silkeveg-initiativet søkjer Kina å knyte til seg andre land og regionar.

2018 vil bli det året Kina for alvor står fram som ei internasjonal stormakt. I tala si til partikongressen i oktober signaliserte Xi Jinping at Kina har lagt bak seg tidlegare leiarar sin politikk om å halde ein låg internasjonal profil. Tala markerer eit vendepunkt i kinesisk utanrikspolitikk. Kina vil framover etablere seg som ei meir tradisjonell stormakt og vise større vilje til å ta på seg ei leiarrolle for å forme internasjonal orden.

Ambisjonane om ei leiarrolle botnar i to relaterte forhold. For det første meiner dei kinesiske leiarane at landet er mektig nok til å leggje om utanrikspolitikken. Under partikongressen viste Xi til at Kina har gått inn i ein ny epoke der landet ikkje berre er rikt, men også i ferd med å bli sterkt. For det andre vurderer Kina USAs internasjonale makt og innverknad som fallande. Sett frå



Beijing har USAs sviktande vilje til å vise leiarskap skapt eit tomrom som Kina kan fylle.

Kina spelar ei stadig større rolle i global styring, særleg på det økonomiske området. Det har lenge vore misnøye med makta vestlege land har over internasjonale finansinstitusjonar, og Beijing har etablert institusjonar som er delvis konkurrerande. Kina ønskjer også å påverke reglane for internasjonal handel. Sjølv om kinesiske leiarar var tilbakehaldne då dei uttala seg offentleg, vart det høgst sannsynleg rekna som ein symbolsk siger då USA skrinla den såkalla Trans-Pacific Partnership-avtala. Landet har i staden teke til orde for å opprette alternative frihandelsavtaler i Asia- og Stillehavsregionen. Det blir i tillegg arbeidd for å styrkje den kinesiske valutaen renminbi (RMB) som ein global handels- og reservevaluta. Valutaen vert mellom anna stadig meir nytta som betalingsmiddel i internasjonal oljehandel. Målet er å redusere dominansen til den amerikanske dollaren.

«Kina har også aktivt plassert sine representantar i nøkkelposisjonar i internasjonale organisasjonar som Interpol, der presidenten no er kinesisk.»

Det mest kjende globale prosjektet er Silkeveg-initiativet (offisielt omdøyppt til «Belte og veg»-initiativet), som er Xi Jinpings viktigaste utanrikspolitiske prosjekt. Initiativet vart skrive inn i partigrunnlova under partikongressen i 2017 og har som eksplisitt føremål å knyte land i Asia, Europa, Midtausten og Afrika tettare saman gjennom investeringar i infrastruktur. Sjølv om det så langt er ein politisk visjon snarare enn ein konkret økonomisk plan, har Kina lukkast med marknadsføringa. Initiativet styrkjer biletet av at landet har teke på seg ei internasjonal leiarrolle. På sikt kan initiativet også medverke til at den kinesiske investerings- og utlånsverksemda aukar, noko som igjen styrkjer Kinas politiske innverknad, særleg over økonomisk svake statar.

Kinas vilje til å spele ei leiande rolle internasjonalt, og i nokre samanhengar utfordre USA, er synleg også på andre område. I 2017 styrkte for eksempel landet klimaengasjementet sitt, medan USA vil trekkje seg frå Paris-avtala. Kina har også aktivt plassert sine representantar i nøkkelposisjonar i internasjonale organisasjonar som Interpol, der presidenten no er kinesisk. Den finansielle

støtta til FN-systemet har dessutan blitt større, og Beijing viser vilje til å påverke organisasjonen. Noko av varsemda med å bruke vetomakta i Tryggingsrådet er også lagt bort.

Samtidig som Kina framstiller seg sjølv som ein positiv bidragsytar til global styring, viser landet auka vilje til å fremje sine eigne interesser. Det skjer trass i at aktiviteten fører til større friksjon, særleg i nærområda. Også på denne måten blir Kina ei meir normal stormakt. Det tydelegaste teiknet openberrar seg i Sør-Kinahavet, der Kina held fram med å byggje ut omstridde øyar og rev militært. Ved å auke presset mot andre partar i konflikten har Beijing langt på veg lukkast med å dempe motstanden. Kina brukar eit breitt spekter av maktmiddel overfor andre aktørar i Aust-Asia og lukkast med å integrere ulike verkemiddel for å maksimere innverknaden sin. Eit eksempel er tida etter at Sør-Korea i juli 2016 vedtok å utplassere eit amerikansk missilforsvarssystem. Då vart landet utsett for ein tilsynelatande koordinert kinesisk kampanje, inkludert nettverksoperasjonar, økonomiske straffetiltak og propaganda.

Innan 2049, som markerer hundreårsjubileet for opprettinga av folkerepublikken, skal Kina ifølgje Xi Jinping vere «ein global leiar både når det gjeld internasjonal styrke og internasjonal innverknad». Denne ambisiøse målsetjinga vil medføre auka spenningar. Kinas nye vilje til å forme internasjonal orden vil særleg nære konflikhtar i forholdet til USA og vere med på å styrkje rivaliseringa mellom dei to stormaktene i åra framover.

Kinas marine oppnår global rekkjevidd.

Satsinga på ein havgåande marinestyrke har gjort Kina til ei maritim stormakt. Den kinesiske marinen vil i aukande grad dominere nærområda og vil halde fram med å demonstrere global rekkjevidd. Marinen opptrer profesjonelt og ansvarleg utanfor nærområda, men opptrer langt meir sjølvhevdande i Aust-Asia.

Kina er med andre ord i ferd med å realisere ambisjonen om ein global havgåande marine. Det er no berre USA og Russland som har marinestyrkar som kan samanliknast med den kinesiske. Gjennom to tiår har landet styrkt seg maritimt for å verne dei aukande globale interessene sine og etablere seg som ein dominerande aktør i Aust-Asia. Satsinga gir betydeleg avkasting, og marinen (PLAN) held fram med å styrkje seg, både kvantitativt og kvalitativt.

Den første permanente oversjøiske militærbasen vart opna i Djibouti 1. august 2017. Kinesiske styresmakter omtalar basen som eit militært forsyningsanlegg som skal støtte opp under anti-piratoppdrag og FN-operasjonar og dessutan verne om handelsruter til havs.

Kina byggjer samtidig fleire sivile hamner i Indiahavet. Hamnene er ikkje tradisjonelle marinebasar, og Kina vil truleg forsøkje å bruke dei til å etablere forsyningsavtaler for marinen. Både basen i Djibouti og desse hamnene vil støtte opp under den globale rekkjevidda til marinen. PLANs nærvær utanfor Kinas nærområde har dessutan vore rekordhøg i 2017. I august var marinen på same tid til stades med fartøygrupper i Middelhavet, utanfor Djibouti, i Adenbukta på anti-piratoppdrag og i Austersjøen.


Kina ønskjer å vise fram evna si til å operere utanfor nærområda og opptre som ei maritim stormakt. I tillegg ønskjer landet å hauste erfaringar frå kontakt med andre land sine marinestyrkar og trene mannskapa sine. Marinen er vidare oppteken av å styrkje omdømet sitt, mellom anna gjennom å demonstrere for omverda at han kan operere profesjonelt og trygt.

Samtidig som marinen aukar det globale nærværet sitt, tek Kina steg mot å etablere seg som den viktigaste maritime aktøren i Aust-Asia. Talet og kvaliteten på nye fartøy gjer det vanskeleg for andre aktørar å halde følge. I nærområda brukar marinen store ressursar på trening, inkludert regelmessig testskyting av missil. Marinen samverkar også med styrkar frå fastlandet, der flyvåpen,

missilstyrkar og andre støtteelement ofte deltek i fellesøvingar. Om dagens utvikling held fram, vil PLAN innan ti år vere nær å oppnå dominans i dei nære farvatna sine i fredstid.

I nærområda nyttar Kina seg i tillegg av kystvakta og ein organisert milits sett saman av fiskarar og andre sjøfolk. Dei involverer seg ofte i spente situasjonar i Sør- og Aust-Kinahavet, samtidig som PLAN følgjer situasjonen frå utkanten. Det langt meir sjølvhevdande handlingsmønsteret i nærområda kjem av at landet ser seg omringa av potensielt fiendtleige aktørar, og at Beijing ønskjer å sikre interessene sine i konfliktane i Sør- og Aust-Kinahavet. Den sjølvhevdande linja vil vare ved og forsterkast i åra framover.

Kina vil halde fram med å byggje ut den maritime styrken sin, både i nærområda og globalt. Marinen er i vekst og får større plass som følgje av reformene til militærmakta. Landet vil halde fram med å auke nærværet på alle verdshava. Xi Jinping har kunngjort for Folkekongressen at Kina skal ha ein militærstyrke i verdsklasse innan midten av hundreåret. I så fall må PLAN kunne måle seg med USAs marine i god tid før dette.



Eit medlem av dei afghanske tryggingstyrkane etter eit sjølvmondsåtak mot ein politistasjon i Kabul.

ASIA

AFGHANISTAN

Taliban vil styrkje den militære og sivile posisjonen sin det komande året. Primært vil organisasjonen utvikle kontrollen i rurale område og i aukande grad etablere statsliknande institusjonar. Føremålet er å styrkje innverknaden over innbyggjarane, sikre inntektsgrunnlaget og auke legitimiteten til rørsle. Afghanske styresmakter vil difor bli tvinga til å prioritere kontroll i dei viktigaste byane. Dei afghanske tryggingstyrkane vil framleis gå gjennom omfattande reformer der særleg spesialstyrkane og luftforsvaret blir prioriterte. Tryggingstyrkane vil hindre Taliban i å utfordre styresmaktene sin kontroll i dei viktigaste byane – inkludert Afghanistans fem regionale maktsentrum: Kabul, Jalalabad, Herat, Kandahar og Mazar-e Sharif.

Trass i desse tiltaka vil tryggingssituasjonen vere utfordrande også i desse byane. I Kabul vil både Taliban og ISKP, ISILs filial i Afghanistan, halde fram med å gjennomføre terroråtak. I januar har det blitt gjennomført fleire åtak i byen, inkludert eit åtak på Intercontinental Hotel der 22 menneske vart drepne, og eit åtak utført med ein ambulanse i ein del av byen med fleire regjeringsbygg og ambassadar, som kravde meir enn 100 menneskeliv. Også andre viktige afghanske byar har blitt råka av terroråtak. I januar vart kontoret til Redd Barna angripe i Jalalabad aust i Afghanistan.

Fredsforhandlingar mellom afghanske styresmakter og Taliban er lite sannsynlege i 2018. Som følgje av den militære framgangen ventar Taliban å styrkje forhandlingsposisjonen sin ytterlegare overfor regjeringa. Vidare vil Taliban sannsynlegvis krevje at det skal ligge føre ei avtale om å avvikle det internasjonale militære nærværet i Afghanistan før dei er villige til å forhandle med regjeringa. Den afghanske regjeringa er på si side splitta av intern maktkamp og lite villig til å ta den politiske risikoen med offentlege freds- og forsoningssamtaler med Taliban.

«Som følgje av den militære framgangen ventar Taliban å styrkje forhandlingsposisjonen sin ytterlegare overfor regjeringa.»


[AFGHANISTAN]

FRÅ KAMP MOT OPPRØR TIL FORSVAR AV STRATEGISKE OMRÅDE.


I 2018 kjem styresmaktene i Kabul til å måtte senke ambisjonen om territorial kontroll utanfor dei store byane. Fleire i den afghanske regjeringa vil truleg innsjå at det er naudsynt å forhandle med Taliban, men det er ikkje sannsynleg at slike forhandlingar vil byrje i 2018.

Ein krevjande situasjon


Taliban vil styrkje stillinga si i året som kjem:




Taliban vil i aukande grad etablere statsliknande institusjonar i rurale stork.



Taliban og ISKP vil halde fram med å gjennomføre terroråtak i Kabul.



Det vil sannsynlegvis ikkje gjennomførast fredsforhandlingar i 2018.



MASSEØYDELEGGINGSVÅPEN

Sjølv om Iran overhald atomavtala, er det grunn til å stille spørsmål ved dei langsiktige intensjonane til landet. Nord-Korea opptreir stadig meir sjølvikkert og kallar seg ei atommakt. Utplasseringa av missilforsvar i Sør-Korea fører til at Kina satsar sterkare på missilprogrammet sitt.

Oppskytinga av det nyutvikla interkontinentale ballistiske missilet Hwasong-15 frå ein ukjend stad i Nord-Korea.

SAMANDRAG

Iran overheld og ønskjer å vidareføre atomavtala. Det sivile atomprogrammet medverkar likevel til at landet framleis vil ha ein kjernefysisk terskelkapasitet. Samtidig held innsatsen for å utvikle ballistiske missil fram. Missil med lengre rekkjevidd er eigna til å bere kjernevåpen, og satsinga sår dermed tvil om Irans langsiktige intensjon bak atomavtala. Kina har utviklingsprogram over heile spekteret av missilssystem med kort til lang rekkjevidd. Utplasseringa av missilforsvar (THAAD) i Sør-Korea i 2017 skapte stor misnøye i Beijing og medverkar til å styrkje den store missilsatsinga.

Etter ein kjernefysisk test og fleire missiltestar det siste året, inkludert fleire testar av interkontinentale ballistiske missil, opptrer Nord-Korea meir sjølvikkert og utfordrande. Trass i sterkare sanksjonar er det venta at Nord-Korea vil gjennomføre fleire testar. Kim-regimet har kunngjort at landet har kjernefysiske stridshovud til mellomdistansemissil, og at Nord-Korea no er å rekne som ei atommakt.

Det er venta at Russland vil overhalde pliktene i Ny START, avtala som avgrensar talet på utplasserte stridshovud og leveringsmiddel. På den andre sida utviklar Russland fleire avanserte missilssystem og utfordrar dermed INF-avtala.

Kim-regimet har kunngjort at landet har kjernefysiske stridshovud til mellomdistansemissil, og at Nord-Korea no er å rekne som ei atommakt.

Interkontinentale ballistiske missil under ein storslegen militærparade som markerte 70-årsjubileet for opprettinga av Den koreanske folkearméen, på Kim Il-sung-plassen i Pyongyang.

Iran overheld atomavtala, men vidarefører programmet for langtrevkande missil. Det overordna målet med atomavtala er å avgrense Irans evne til å byggje kjernevåpen. Med avtala har Iran fått internasjonal aksept for å drifte eit avgrensa sivilt atomprogram. Sentrale, sensitive verksemder knytte til atomprogrammet får halde fram, om enn i redusert omfang. Iran både overheld avtala og ønskjer å vidareføre henne.

Situasjonen vert komplisert av at Iran dei siste to åra har gjort betydelege framsteg i utvikling, testing og produksjon av ballistiske missil. Missila aukar evna til å kontrollere og true militær og sivil skipstrafikk i Hormuz-sundet, i tillegg til andre mål i regionen. Eit nytt operativt korttrekkande missilssystem har i 2017 blitt fasa inn i det iranske forsvaret. Fleire missil av denne typen vart avfyrt mot ISIL-mål i Aust-Syria i juni 2017.

«I det komande året blir det viktig for det iranske regimet å signalisere at det ikkje vil inngå kompromiss rundt avskrekkingsevna si.»

Dei langtrevkande missila kan nå både Israel og andre mål i regionen, inkludert NATO-land, frå posisjonar djupt inne i Iran. Regimet brukar store ressursar på å forbetre desse kapasitetane, og på sikt kan Iran utvikle missil-system med vesentleg lengre rekkjevidd.

I det komande året blir det viktig for det iranske regimet å signalisere at det ikkje vil inngå kompromiss rundt

avskrekkingsevna si. Dei omfattande missilprogramma vil halde fram samtidig som Iran vidarefører den kjernefysiske kompetansen sin. Når avgrensingane i atomavtala går ut, kan Iran difor på lang sikt utvikle langtrevkande missil som er veleigna til å levere kjernefysiske stridshovud. Dette sår tvil om Irans langsiktige intensjon bak atomavtala.

Kina styrkjer missilsatsinga ytterlegare.

Kina har utviklingsprogram over heile spekteret av missilssystem, frå kort til lang rekkjevidd. Den store satsinga på missil kjem mellom anna av misnøye med utplasseringa av missilforsvaret THAAD i Sør-Korea i 2017.


Kina er den tredje største kjernevåpenmakta i verda etter USA og Russland og driftar svært omfattande missilprogram. Kina styrkjer posisjonen sin som kjernevåpenmakt med nye strategiske kapasitetar på veg inn. Den kjernefysiske opprustinga er moderat og tilstrekkeleg for å sikre landet ei truverdig kjernefysisk avskrekking. I 2016 fekk Kinas strategiske rakettstyrkar auka statusen sin frå våpengrein til sjølvstendig forsvarsgrein. Ein moderat auke i storleiken på dei kjernefysiske styrkane vil halde fram, men det er venta at Kina vil halde fast ved ikkje-førstebruksdoktrinen.

Beijing vert hovudsakleg motivert av at amerikanske våpenprogram blir rusta opp og moderniserte, inkludert missilforsvar og konvensjonelle høgpresisjonsvåpen, og av USAs nærvær og tryggingssgarantiar til land i Aust-Asia. Kina både oppgraderer og utviklar nye missilssystem, både kjernefysiske og konvensjonelle.


Gjennom det militære moderniseringsprogrammet vier Kina også store ressursar til å utvikle nye konvensjonelle, ballistiske missil til bruk mot land- og sjømål i regionen. →

Overheld atomavtala


Men kva skjer på sikt?



Eit nytt korttrekkande missilssystem er fasa inn i det iranske forsvaret.



Dei langtrevkande missila kan nå både Israel og NATO-land.



Kina er den tredje største kjernevåpenmakta i verda og styrkjer posisjonen sin.

Dei iranske ballistiske missila Sejil og Qadr H vert utstilte på Baharestan-plassen i høve den iranske forsvarsveka i Teheran.



Russlands nye mobile interkontinentale ballistiske missil RT-2PM Topol på utstilling under Det internasjonale militærtekniske forumet i Moskva.



For eksempel har Kina utplassert ein massiv missilstyrke som kan brukast mot Taiwan i ein eventuell konflikt. Med ballistiske sjømålsmissil ønskjer kinesarane også å hindre den amerikanske marinen i å gripe inn i ein eventuell konflikt. Dei nye missilkapasitetane er med på å forskuve maktbalansen i regionen i Kinas favør.

Nord-Korea står fram som ei reell kjernevåpenmakt.

Etter ein kjernefysisk test og fleire missiltestar det siste året, inkludert fleire testar av interkontinentale ballistiske missil, opptrer Nord-Korea meir sjølvikkert og utfordrande. Sterkare sanksjonar vil neppe få Nord-Korea til å avstå frå ytterlegare testar. Kim-regimet har kunngjort at landet har kjernefysiske stridshovud til mellomdistansemissil, og at landet no er å rekne som ei kjernevåpenmakt.

Nord-Korea gjennomførte i september 2017 ein vellukka test av noko som mest sannsynleg var ei avansert termonukleær bombe. Dermed meistrar regimet truleg fusjonsteknologien som vert nytta i kjernevåpen. Med ei sprengkraft større enn 200 kilotonn kan Nord-Koreas framtidige stridshovud likne på dei moderne våpena til anerkjende kjernevåpenstatar. Nord-Korea vil dermed få ei betydeleg auka evne til å ødeleggje regionale mål, noko som gjer landet si avskrekkingsevne meir truverdig. Landet kan truleg vere i stand til å montere termonukleære stridshovud på enkelte av missila sine i nær framtid. Nord-Korea vil likevel ha behov for å forbetre eigenskapane til bomba, og kan difor kome til å gjennomføre fleire prøvesprengingar.

Regimet vidarefører også satsinga på missil og er no i testfasen med sitt første interkontinentale ballistiske missil (ICBM). Ambisjonen er å lage eit langtrekkande missilsystem som kan nå det amerikanske fastlandet. Det er venta at Nord-Korea kjem til å gjennomføre ytterlegare testar av missilsystemet over ein femårsperiode, der missila truleg blir innfasa i militærstrukturen. Utviklinga i programmet og testane i 2017 viser at regimet i ein krisesituasjon vil kunne ta i bruk ein mindre påliteleg ICBM. Det nordkoreanske regimet har investert betydelege ressursar i kjernevåpen- og missilprogramma, og har kunngjort at landet er ei kjernevåpenmakt. Kjernevåpena er Kim-regimet sin fremste garanti for overleving og stabilitet, og hovudfunksjonen er følgeleg avskrekking av aktørar som truar dette. Truleg vil Nord-Korea også bruke kapasitetane sine til å setje dei amerikanske tryggingsgarantiane til Japan og Sør-Korea på prøve. Regimet forsøkjer òg å presse amerikanarane til å avgrense nær-været sitt i regionen. Kjernevåpena og annan militær atomteknologi vil dermed sannsynlegvis ikkje kunne forhandlast bort.

Nord-Koreas opprusting fører med seg fleire utfordringar. Risikoen aukar for at missil- og kjernevåpenteknologi vil kunne spreiaast. Vidare kan ei effektiv avskrekkingsevne gjere Nord-Korea meir risikovillig, særleg overfor Sør-Korea. Regimet kan vurdere at dei nye evnene gjer landet mindre utsett for gjengjelding etter provokasjonar. Ein førstebruksdoktrine gjer at Nord-Korea kan true med eit avgrensa kjernefysisk åtak mot ein motstandar som vil bruke våpenmakt. Nord-Koreas kjernevåpenprogram forsterkar dessutan våpenkapløpet som utspelar seg i Asia- og Stillehavsregionen.



Nord-Koreas leiar Kim Jong-un gir rettleiing om eit atomvåpenprogram saman med Ri Hong-sop (nummer to frå venstre) og Hong Sung-mu (til høgre).

Russland styrkjer missilkapasitetane.

Det er venta at Russland vil overhalde pliktene i Ny START, avtala som avgrensar talet på utplasserte stridshovud og leveringsmiddel. På den andre sida utviklar Russland fleire avanserte missilsystem og utfordrar INF-avtala.

I februar 2018 blir måla i Ny START, avtala som avgrensar dei strategiske kjernevåpena til Russland og USA, implemerterte. Avtala regulerer kor mange utplasserte stridshovud og leveringsmiddel Russland og USA kan disponere. Sjølv om talet på utplasserte russiske stridshovud dei siste åra har lege høgare enn grensa på 1550, er det venta at landet vil halde seg til avtala og datoen for implementering. I tillegg har Russland ei betydeleg mengd ikkje-strategiske kjernevåpen som ikkje er underlagde noka avtale om rustingskontroll. Fleire moment gjer samtaler om rustingskontroll med Russland vanskelege. For det første er Russland ein sterk motstandar av eit vestleg missilforsvar. Missilforsvaret vert ikkje oppfatta som ein direkte militær trussel i dag, men Russland meiner det påverkar den strategiske kjernefysiske maktbalansen og dermed kan ramme landet si avskrekkingsevne på lang sikt.

For det andre hevdar Russland at eit strategisk missil-

forsvarssystem kan konverterast og nyttast som åtaks-plattform. Russland meiner dermed at det er i strid med rustingsavtala om mellomdistansemissil, den såkalla INF-avtala mellom Russland og USA. Det er uklart om denne innvendinga reflekterer ei genuin uro, eller om ho berre vert nytta politisk som svar på amerikanske skuldingar om russiske brot på INF-avtala.


For det tredje vil ikkje Russland gi avkall på dei taktiske kjernevåpena sine så lenge landet reknar NATO som konvensjonelt overlegen. Russland er særleg uroa for dei amerikanske planane om eit såkalla «Conventional Prompt Global Strike»-system, det vil seie konvensjonelle presisjonsvåpen med global rekkjevidd.

Russland krev at ei ny nedrustingsavtale må ta høgdom for vestleg missilforsvar og langtrekkande konvensjonelle presisjonsvåpen. I tillegg meiner Russland at INF-avtala er utdatert og lite relevant, mykje fordi ei rekkje land i Asia og Midtausten har mellomdistansemissil i INF-kategorien.


Kjernevåpena har framleis den høgaste prioriteten i den russiske militærmakta. Russlands moderniseringsprogram for kjernevåpen har allereie vore i gang i fleire år. Det vil halde fram, parallelt med at landet også utviklar nye, avanserte konvensjonelle våpensystem.

Nord-Korea utfordrar


Har gjennomført fleire missiltestar:




Ambisjonen er å kunne nå det amerikanske fastlandet.




Med Nord-Koreas opprusting aukar faren for at teknologien vert spreidd.



I Russland har kjernevåpena framleis den høgaste prioriteten i militærmakta.





**«Eg ønskjer at Fokus 2018 skal bidra til
auka forståing for forhold som påverkar
Noregs tryggleik og interesser.»**

GENERALLØYTNANT MORTEN HAGA LUNDE,
SJEF FOR ETTERRETNINGSTENESTA